



GJENNNOM KRIG TIL FRIDOM



Utgitt av Bygdesogenemnda i Sykkylven — 1985 — Av Jon Hole

INNHALDSLISTE

APRILDAGANE 11940.....	3
Blir det krig?.....	3
Ut i krigen	3
Krig.....	4
Englandsfararane	5
Til Sverige	5
EIN MERKJEDAG	6
DAGBOKA TIL BJARNE TUSVIK.....	6
KRIGSDELTAKEARANE	7
DEI FALL FOR FEDRELANDET	21
SYKKYLVEN I KRIGSÅRA.....	22
Mat-auk.....	22
Industrien	22
Forsyningsnemnda og rasjonering. Varemangel	22
Heradstyre og heradsting	23
Om nazistar og radiolytting.....	24
Lagsliv	25
Prestar og lærarar.....	25
Krig i Sykkylven?	26
Heimefronten	26
FRED	26
NOKRE HENDINGAR FRÅ KRIGSÅRA.....	28
MedBrand IV	28
Det tyske flyet som datt ned i Velledalen.....	28
Engelske soldatar i Sykkylven	30
Engelsk fly -åtak	31
Tyskarar i Hundeidvik	32

FRAMSIDA:

Frigg II med passasjerar då ho la frå kai 11. april 1940, Frå venstre (dei som står bak, er ikkje med her) :

1. Ole Gjønningsæter	13. Lars J. Aurdal	25. Waldemar Stuen
2. Ole Ellefsen	14. Louis Aure	26. LarsB. Wik
3.	15. Sigmund Nakkeberg	27. Einar Lade
4. Elias Vatne	16. Leif K. Erstad	28. Hjalmar Blindheim
5.	17. Arne K. Grebstad	29 Petter T. Tynes
6. Ivar Bjørke	18. Oldus Lyshol	30. Arne Dale
7. Nils Eidem	19. Eilef Skotte	31. Johan Myklebust
8. Lars J. Grebstad (bak)	20. Gunder Engeseth	32. Hjalmar Lade
9. Otto Hjellegjerde	21. Leif Holen	33. Øystein Lyshol
10. Arne K. Blindheim	8B. Arne K. Lyshol	34- Einar Kaldhussæter
11. Olav Andreassen	B3. Nils Roald	35. Jens L. Aure
12. Peder Holmberg	24. Johan J. Grebstad	

Nokre av personane på dekk er vanskeleg å identifisere. Dessutan hadde nokre gått under dekk dd biletet vart teke, men desse var i alle høve med: Fredrik Andersen, Karl T. Brudevoll, Thomas Strømme. Dessutan alle eller dei fleste av desse: Petter Fausa, Sverre Gjævenes, Olav H. Hole, Petter K. Myrseth, Jens E. Tandstad. Foto: P. P. Lyshol

Jon Hole:

GJENNOM KRIG TIL FRIDOM

Sykkylven 1940—45

Utgitt av Bygdesogenemnda i Sykkylven 1985

FØREORD

Frå den kommunale nemnda for fredsjubileet fekk Bygdesogenemnda spørsmål om det kunne lagast eit hefte om krigsdeltakarane og krigstida. Arbeidet kom i gang i januar 1985, og gjekk i første omgang ut på å få oversyn over alle sykkylvingar som hadde vore med i krigen 1940-45 i Noreg eller utlandet. Omkring 120 namn vart registrerte. Nokre av desse fall ut av ulike grunnar, slik at oversynet no omfattar 113 personar. Desse er representerte med bilete og ein kort omtale. Vi har elles meint at det ville vere av interesse å få med noko om dei krigshandlingane sykkylvingane var med på, og om tilhøva i bygda under krigen og fredsvåren.

Personopplysningane vart i første omgang innsamla ved hjelp av spørjeskjema, men dei måtte i nokså stor grad supplerast ved hjelp av personlege intervju. Resten av innhaldet er for det aller meste innsamla gjennom samtalar med einskildpersonar. I dei tilfella der ein eller to personar er hovudkjelder, er dette oppgitt. Tidlegare trykt materiale er det brukt svært lite av.

Bygdesogenemnda. i første rekkje formannen Øystein Eliassen, har vore til god hjelp i arbeidet, og fortener stor takk frå mi side.

Sykkylven i april 1985

Jon Hole

FØREORD

frå Bygdesoge- og museumsnemnda

Då Bygdesogenemnda fekk spørsmål frå den kommunale nemnda om å lage eit hefte med omtale av dei som deltok i krigen og ei kort skildring av krigstida og freden var det tanken å lage berre eit lite hefte. Men heftet fekk eit noko større omfang enn frå først av rekna med. og nemnda fann seinare å kunne stå som utgjevar. Vi ser det som eit ledd i bygde sogearbeidet, der vi tidlegare har gjeve ut «Sykkylven i eldre tid», dei 4 gardssogebøkene, Utvandarsoga og «Song og spel i Sykkylven —».

Vi vonar at dette heftet vil gje eit inntrykk av korleis sykkylvingane opplevde krigen ute og heime og freden i 1945.

Per Langeland

*Øystein Eliassen
formann*

Sverre Andestad

Borghild Neset, Per Arne Aursnes, Per Arne Grebstad, Bergljot Tandstad

Aprildagane i 1940

Blir det krig?

Slutten av 1930-åra var ei uroleg tid ute i Europa. Hitler viste både tenner og klør mot nabolanda, men tyktest heller ufarleg for oss som levde så å seie i ein utkant av sivilisasjonen. Verken styresmakter eller andre hadde særleg tru på at vi, eit fredelskande folk, skulle verte utsette for åtak frå ei framand makt. I ettertid er det ikkje vanskeleg å sjå at signala om at noko var i gjære var både mange og sterke. Dei siste og alvorlegaste kom i radioen om kvelden 8. april: 50 tyske krigsskip var på veg nordover gjennom Lillebelt. Eit tysk krigsskip var blitt torpedert utanfor Kristiansand. Døde soldatar hadde drive i land, og nokre overlevande kunne fortelje at dei var på veg til Noreg.

Neste morgon vakna folk opp til meldingane om at nesten alle norske kystbyar, frå Oslo til Narvik, alt var tekne av tyske styrkar. Konge og regjering hadde rømt frå Oslo, men hadde først sendt ut melding om allmenn mobilisering. Radio fanst ikkje i kvar manns hus den gongen, men ulukkesmeldingane spreidde seg over bygda på få timar. Folk kjende seg sjølvstekt både rådvill og motlause. Kva med dei som skulle ut i krigen? Rundt om kring på gardane stoppa arbeidet opp, og mange fabrikkar sende arbeidarane sine heim. Det var vanskeleg å vite kva ein skulle ta seg til. Så kom det ei melding: Quisling skulle tale i radio kl. 19.30. Med dirrande røyst kunngjorde han «. . . er enhver motstand ikke bare nytteløs, men direkte helt betydende med kriminell ødeleggelse av liv og eiendom. Enhver ... er forpliktet til å adlyde ordre frå den nye nasjonale regjering. Enhver avvikelse herfrå vil medføre det alvorligste personlige ansvar for vedkommende. . . » Gudskjelov, tenkte somme, så vert det ikkje krig likevel. Men del fleste kjende nok at uhyggestemninga berre vart endå sterkare.

Ettertida har diskutert kvifor mobiliseringa ikkje kom før, slik at tyskarane kunne ha vore stoppa. Her skal vi berre nøye oss med å slå fast at det kom oppslag på Aure den 10. april om at alle med såkalla gult kort skulle møte til mobilisering dagen etter. Det vart dg ringt rundt til ulike deler av bygda.

Det var svart av folk på Aure-kaia då Frigg II, fullasta med soldatar, la frå land 11. april ved middagstider. Nokre kvinner frå Aure delte ut strikkeluer til dei som skulle reise. Luene skulle eigentleg ha vore sende til Finland, men krigen der var slutt, og dei kom no til nytte for bygdas egne søner.

Johan Eidem, klok og veltalande, gav uttrykk for dei kjensler som mange stod med, men som knapt nokon annan greidde å uttrykkje. Talen hans vert hugsa av mange. Så var avskilstimen

komen, og dei siste handtrykk vart veksla. Ferja seig frå kaia, og då «Ja, vi elsker dette landet» lydde ut over fjorden, var det knapt mange tørre augnekrokar hos dei som stod att. Ein av dei som var med, skriv: «Då ferja la frå land, såg eg ut-over folkemengda, på husa og gardane, og eg kjende kor glad eg var i denne bygda. Eg såg på dei snødekte toppane og tindane som blenkte i solskinet, og spurde meg sjølv om dette var siste gongen eg såg den kjære sykkyllsbygda.»

Ut i krigen

Frigg II hadde med seg storparten av dei som var mobiliserte frå Sykkylven 11. april. F3iletet av denne hendinga (sjå omslaget) viser om lag 50 personar. I tillegg var det nokre personar under dekk, slik at det samla talet på denne turen var om lag 60. Frigg II kom frå Tus vik, der nokre få hadde gått om bord, og heldt fram til Ørskog.

Hans Erstad med sin motorbåt gjekk frå Ikornnes med 6-7 personar om lag på same tid. Ein båt som hadde med folk frå Hjørundfjorden, (dette kan ha vore Tusvik-skuta) gjekk opp under Hundeidvik-kaia og tok med nokre derifrå. Dei fleste som møtte frå Rarnstaddal og Søvikdal, følgde fjordabåten over til Ørskog. Soldatar frå alle bygdene inn gjennom fjorden var med. Nokre andre hadde Bjermeland eller Egil Larsen sin motorbåt over, men det fanst og dei som rodde.

3-4 personar som skulle møte på nøytralitetsvakt 9. april, var på veg til sin mobiliseringsstad då krigen kom. Det galdt t.d. nokre som skulle til Rinnleiret nord for Levanger. Då dei kom til jernbanestasjonen i Trondheim om morgonen, fekk dei til si store forundring sjå at det vrimla av tyske soldatar i byen. Men nordmennene var kledde i sivil, og fekk fritt fare vidare. 2 var inne til teneste i Garden, og kom difor med frå første stund.

Men dei fleste soldatane frå Sykkylven høyrde til Møre infanteriregiment nr. 11. og hadde Setnesmoen ved Åndalsnes som fram møteplass. Dit var det og svært mange som kom — og sjølvstekt ikkje berre sykkyllvingar — om kvelden torsdag 11. april. Husa på Åndalsnes var då fråflytta, men dei stod opne, og mange hadde reidd opp senger for soldatane, slik at det gjekk greitt med overnatting i første omgang. Dagen etter, 12. april, var det utlevering av våpen og utstyr, og sjølvstekt kaos og forvirring over alt. Utstyr vart det for lite av, t.d. var det ikkje alle som fekk hjelmar før dei vart sende ut i kamp. Fleire fekk beskjed om at dei berre kunne reise heim att. Dette galdt sjølvstekt slike som var sjuke, men også nokre friviljuge, og dessutan nokre som skulle ha møtt ein eller annan stad utanfor fylket, men som ikkje kom seg dit.



Fleire sykkylvingar korn til jernbanestasjonen i Trondheim om morgonen 9. april, for å reise på nøytralitetsvakt. Dette synet møtte dei. Det vrimga av tyske soldatar i byen.

Krig

Ei gruppe soldatar som hadde vore på nøytralitetsvakt attmed Stavanger, hadde vore heime berre ei veker tid då mobiliseringsordren kom. Desse, som hørte til den såkalla Madla-bataljonen, fekk ordre om å melde seg først. Laurdag 13. april vart dei sende med tog til Dombås, og knapt eit døgn etter, om ettermiddagen søndag 14. april, vart den tyske fallskjermstyrken nedslppt i området. Det gjekk ei veke før alle, vel 200 mann, var nedkjempa.

Mesteparten av dei andre vart verande på Åndalsnes dei første dagane. Det vart utsett vakter på jernbanestasjonen, ved Telegrafbygningen, ved bruer og andre viktige punkt. Nokre fekk arbeid med å losse ein finsk lastebåt som kom med krigsmateriell. Men snart dukka det opp tyske bombefly, og særleg ille vart det då engelske tropper byrja å gå i land 17. april. På få dagar låg heile Åndalsnes sentrum i ruinar.

Dei norske troppene måtte flyttast opp gjennom Romsdalen, og det vart utsett vakt på alle jernbanestasjonar. Samstundes vart det klårt at tyskarane pressa på nordover gjennom Gudbrandsdalen. Store styrkar frå IR 11, der altså dei fleste sykkylvingar var med, vart sende sørover og la seg i stilling fleire stader i Gudbrandsdalen. Og dei slapp å vente lenge på fienden. Dei første trefningane der kom mellom Fåvang og Tretten om kvelden 23. april, og endå det trygt kan seiast at våre tropper fleire stader gjorde ein god innsats, gjekk det slik det måtte gå: Overmakta vart for stor, og nordmennene måtte trekke seg tilbake. Ei av dei viktigaste årsakene var nok at tyskarane var totalt overlegne i lufta. Få norske eller allierte fly var å sjå, og våpen til å skyte ned dei tyske flya frå bakken fanst mest ikkje. Likevel skjedde det nokre gonger, nærast som ved under, at tyske fly måtte gi tapt.

Som nemnt gjekk det ei veker tid før dei tyske troppene i Dovreområdet var nedkjempa. Dei fleste overgav seg og vart tekne til fange, men ved fleire høve kom det til bitter strid, med falne

på begge sider. T.d. hadde ei av dei tyske fallskjermtroppene forskansa seg i ein låve på Dovre. Store norske styrkar, der m.a. fleire sykkylvingar var med, gjekk i stilling og gjorde seg klare til framrykking. I første omgang vart det ikkje sett inn så mykje skyts, for nordmennene hadde mistanke om at tyskarane hadde teke norske gislar. Det dei ikkje visste, var at heile 60 nordmenn, dei fleste sivile, var tekne til fange og kommanderte til å liggje på låvegolv, utan sjanse til å kome unna. Og slett ikkje visste soldatane frå Sykkylven at ein av deira sambygdingar, Petter K. K. Blindheim, var blandt gislane. Han var ein av dei som, nærmast ved eit under, kom frå det utan ei skramme. Tyskarane heldt stand i fleire dagar, og gav seg først etter at nordmennene hadde sett inn sterk bombekastar- og mitraljøseeld. Løa var då bortimot sundskoten, og både soldatar og sivile var drepne. Overgivinga kom i siste liten. Då ein norsk marinesoldat av tyskarane vart kommandert fram med det kvite flagget, var det alt teke avgjerd om at løa og den tyske stillinga skulle stormast.

Kong Haakon, kronprins Olav og deler av regjeringa var på flukt opp gjennom Gudbrandsdalen, stadig forfølgde av tyske fly. Om kvelden laurdag 13. april var dei på veg nordover mot Dombås. Då hadde dei første tyske fallskjermssoldatane landa mellom Dombås og Dovre. Heldigvis fekk regjeringa melding om aksjonen, elles ville dei ha gått rett i hendene på tyskarane. Dei tok inn på gardar som førebels var trygge mellom Otta og Dovre. Etter at IR 11 under kaptein Navelsaker hadde uskadeleggjort dei tyske fallskjermtroppene, kunne dei kongelege og regjeringa halde fram nordover og vestover. Til Molde kom dei 23. april. Fleire sykkylvingar kan fortelje at dei gjorde vaktteneste for dei eller hjalp dei på annan måte i dette tidsrommet.

Kontakten heim att var berre måteleg god. Brev vart skrivne, både av dei som var ute i felten og av dei som heime sat, men det tok si tid før dei kom fram. Somme kom vekk, sikkert øydelagde i krigshandlingane. Verst var nok dette for dei som

var heime, og Ikkje fekk livsteikn på mange veker.

Midt opp i all uroa og uvissa, og like før vårvinna skulle ta til, kom det melding frå militære styresmakter omkring 20. april om at bygda skulle levere 33 hestar med sele og hjulslede på Setnesmoen. Folk måtte berre fare, og opplevde nokre fælslege timar då dei kom midt opp i den tyske bombinga av Åndalsnes. Men så snart hestar og utstyr var overleverte til dei militære, fekk eigarane reise heim att.

Sundag 28. april hadde dei allierte bestemt seg for å forlate Sør-Noreg, men dette var stort sett ukjent for dei norske styrkane. Eit par dagar seinare var det likevel klårt for alle at det ikkje lenger var noko hjelp å få av franskmenn og engelskmenn. Dei for ned Romsdalen, same vegen som dei var komne, og byrja å gå om bord i krigsskip som låg og venta på Åndalsnes

Dermed var det i realiteten slutt for dei norske styrkane dg. 1. mai kunngjorde generalmajor William Steffens, sjef for dei norske styrkane på Vestlandet, at alle norske styrkar i Sør-Noreg overgav seg. Kampene ebba ut dei næraste dagane, og soldatane måtte levere frå seg våpen og utstyr. Trøytte og desillusjonerte fekk dei reise heim. men trass i alt glade for å ha kome frå det med livet.

Men to av dei som hørde bygda til. vende ikkje heim att til sine: Jostein Blomberg og Karl Vilnes Jørgensen.

Englandsfararane

Nesten alle dei 15 sykkylvingane som for til England for å delta i krigen på alliert side. reiste med motorbåt over Nordsjøen. Særleg hausten 1941

var det stor trafikk. Berre på nokre få veker, frå september til november, reiste 10 personar frå bygda. Mange av turane var organiserte av Thoralf Walle, politimann i Ålesund, og kona hans, Lilly Rønes Walle,

Første stoppestad var som regel Lerwick på Shetland. Der vart nykomarane internerte, så gjekk turen gjerne til London til avhør og klarering, og deretter til militæropplæring.

Nokre få gjekk inn i Marinen eller Flyvåpenet, del sistnemnde etter at dei først hadde fått opplæring i Little Norway, Canada. Men dei fleste vart sende til Skottland. Fleire av desse reiste seinare over til Murmansk, og var med i frigjeringa av Nord-Noreg hausten 1944 og våren 1945.

Utover sommaren og hausten var dei fleste med på oppdrag for det militære fleire stader i landet, og vart dimitterte før jul.

Men før det hadde dei fått permisjon så dei kunne få kome heim att til slekt og vener. Her vart dei sjølv sagt vel mottekne. Det vart halde tilstellingar for dei, og dei fekk mykje ros for innsatsen dei hadde gjort. Frå bygdefolket og kommunen fekk kvar ein minnepokal der det stod inn-gravert: Heimbygda takkar deg for hugheilt mot i fridomstriden 1910-45.

Til Sverige

6 personar frå Sykkylven rømde til Sverige under krigen. Ein av dei reiste vidare til England og fekk militæropplæring der. Dei andre 5 vart innrullerte i norske styrkar på den andre siden av Kjølen. Rin av dei var med i dei norske polititroppene som rykte inn i Finnmark våren 1945. Dei andre kom tilbake til Noreg etter at krigen var slutt.

. Fleire sykkylvingar var med på denne oppstillinga.



Dette stykket fann dei i papira etter Ragna Rønes. Det er tydelegvis skrivne eitt av dei første krigsåra. Det er her attgitt i originalrettskrivinga.

Eg sit ved glaset mitt og ser innover fjorden som ligg der spegelblank, på soli som strekkjer og rullar frå. tind til tind, og kjenner hennar varme strålar inn til meg. Slike stunder fær tankane på vidvank. Me hev nett gjenge inn i eitt nytt år, må tru kva dette vil byda på. Tenkjer det er betre me ikkje veit det. Året som svant gøymer mange myrke minne. Det er ein dag i 191,0 eg aldri gløymer, og eg tenkjer mange med meg. Det var den dagen gutane våre vart utkommanderte og skulde reisa og strida for fedrelandet og oss som fekk gå att heime. Aldri hev songen Ja, vi elsker gått meg so til hjarta, som då eg stod på troppa og høyrde dei siste tonane av verset verte svakare og svakare.

Det var gråten som kjøvde då båten seig ut over djupet. Må tru om eg ser att denne fagre bygdmi?

Dei som stod att på kaia sa seg imellom: Det skal godt gjerast at alle ser att heimen sin. I slike stunder er det vi skal trøyste og elske kvarandre meir enn nokon sinne før. Kor mang ei mor låg ikkje til sengs den dagen av sorg for guten sin. Vår gut var reist før og var ute då krigen kom. Vi hadde ingen ting høyrte frå han, og visste ikkje kvar han var heller. Ja, det var tunge dagar å gå i denne spenninga, for ikkje å snakka om uvissa, og ikkje vite om guten din livde eller var død

Me fær venja oss til både vonde og gode tider. For ei mor må ikkje modet svikte. Kvinner selv stod opp og strede, syng me. Men lat oss fram for alt trøste og hjelpe kvarandre. Då fell det lettare å liva, sjølv i krigstid.

Ragna Rønes.

Frå dagboka til Bjarne Tusvik

Bjarne Tusvik skreiv dagbok frå 11. april til 1. mai 191,0. Her er eit utdrag:

Torsdag 11/4 1940. Reiste frå Tusvik kl. 12.30 på M/B Frigg til Sjøholt, pr. bil til Vestnes og pr. M/F Geiranger til Veblungsnes der alle yngre som tilh. linja gjekk på land. Landvernet var med Ul Åndalsnes, — Kom dit i 910 tida om kvelden. Låg på golvet i eit privathus i eit medbrakt ullteppe. Mange mann — fraus ikkje.

Fredag 12/4. Møtte i gata på Åndalsnes 3 komp. kl. 9 for opprop. Eg vart oppropt som 3 eller 4de mann — men dårleg frammøte i 3 komp. Kjørde pr. lastebil til depot på Veblungsnes og fekk utlevert utstyr (ikkje ammunisjon). Kjørde attende til Åndalsnes og vart innkvartert i privathus. — Det gjekk flyalarm då me var på Veblungsnes ved depoet. Eg såg flyet ute i Romsdalsfj.

Vi er 5 sykkyllingar på same rom. Det er Sigurd Ekornes. Lars Wik, Sverre Hundeide, ein Holmberg frå Velledalen og eg. Det er ikkje fleire stridande i vårt kompani frå Sykkylven. Ikkje stridande i vårt kompani er bl. anna Nils Sjøholt, Arne Grebstad, prost Eidem, Karl Brudevoll, skredder Strømme (Thomas) og Anton Fauskekamb som er overkock for vårt kompani. Sersjantane Hj. Blindheim, Bøen og lensmannsbetjent Grønningsæter er her også.

Laurdag 13/4. Uppstilling kl. 8. Eindel kom på vakt. Resten fri intil vidare. Kl. 11 melding um 22 tyske fly pasert Sognefjorden på veg nordover. Me var litt i spenning um dei vilde kome hit. Kunne tydeleg merke nervøsiteten på ein og anna, men det virka nok litt på alle. Kl. ca. 1 melding um 8 tyske fly i kamp med 6 engelske krigsskip ved Aalesund. Uppstilling kl. 4. Fekk utlevert 30 skarpe patroner, tllmanns. Fri for i dag.

Tysdag 30/4. I går kveld kom her fyrst 6 mann tilgards i 10-11 tida. Det var frivillige i frå Lillehamar, som var splitta og rømd unda. I 1-tida i natt kom her 6 engelske soldatar som bad um mat og hus, dei var også på tur ne dy ver og var komne

frå si avdeling. Dei fekk sjølv sagt både hus og mat. Dei er her alle endå kl. 10-11 i dag.

Me har no fått ordre um å pakke og halde oss klar til å flytta. Eg gjeng ut i frå at det vert nedyver — skal vel gi plass for andre. Ventar no på ordre. I går reiste ein heil del soldat nedyver dalen, det er slike som er permittert nokre dagar, fortel dei. Det skal vera engelske som teke over ledelsen i teten upp i dalen, fortel dei, Åndalsnes er no lagd heilt i oske, og Veblungsnes også delvis, i går kveld. I natt og i dag har det vore livleg fly-virksomheit, spesielt yver Åndalsnes. Me har no fått lønning, kr. 38,50, for ut april, men kva skal me med pengar når me ingen ting fær kjøpe? Det er mange som er lens for tobakk, men vi deler alt med det rekk. Kl. 12,45. Har pakka, er klar til å flytta, men har ikkje høyrte meir. Eg har ikkje fått meir brev heimanfrå sidan fredag 19/4. Har høyrte at det var 3 sekker med post til vårt kompani i går kveld på postkontoret som var på Grand, men i går brann Grand opp. og sjølv sagt posten også. Det er slurv med posten, postmannen hadde ikkje henta posten på fleire dagar, fortel dei. No skal me marsjera herifrå, kl. 12,50.

Onsdag 1/5. Kl. 13: Me kom hit til Korsan ved Ottestad ved Rødvenfj. i går kveld kl. 10-11 etter ein spanande tur ifrå Lyngheim. Me marsjerte fyrst med full pakning ca. 6-7 km. so fekk me bilskyss, det var i 10-tida. Det hadde då vore heilt bra med flyfare, men då me hadde køyrt eit stykke, hadde me fly i sikte og bilen stoppa, og alle mann prøvde å gøyme seg so godt som råd. Um ei stund køyrde me vidare eit stykke, so kom det fly igjen, og det same upp igjen. Me gøymde oss då i ein fureskog so godt me kunne, og flya krinsa ikring oss, og mitraljøsene klappa flittig frå flya, som var meir enn nærgåande. Me måtte også for 3. gong røma bilen for å søkja dekning for flyangrep. Denne gong var me mest utsett, me var då nesten komne ned til Åndalsnes. Flya kom att mange gonger, og me hadde dessverre lita dekning, men det gjekk bra.

Bjarne Tusvik.

KRIGSDELTAARANE

På del følgjande sidene er presentert dei godt og vel hundre personane frå Sykkylven som var med i krigen i Noreg og/eller utlandet. Omkring 120 personar var Innkalla eller melde seg frivillig, men nokre fekk reise heim att straks, av sjukdom eller andre grunnar.

Nokre har flytt inn eller ut av bygda etter 1940, og det er då ført opp to bustadadresser. Dei som bur i området Tynes-Aursnes-Grebstaddalen, har fått Sykkylven som bustadadresse. Fleire har skift yrke på desse 45 åra som har gått etter krigen, eller dei kan ha hatt to yrke samstundes. I slike høve er hovudyrket oppført, eventuelt det yrket vedkomande hadde sist.

Det er ikkje skrive like mykje om alle personar. Dette kan ha sl årsak i at ikkje alle har opplevd like mykje, men like gjerne at det har vore vanskeleg eller uråd å få tak i fleire opplysningar. Det som er skrive om kvar einskild, er såleis ikkje utan vidare noko mål på den innsatsen vedkomande har gjort, og slett ikkje den ære han skal ha. Alle som er med, var ute i krig, og sette livet på spel for folk og land.

Alle som var med i krigen i Noreg, kunne få Deltakarmedaljen. Somme tok i mot han, andre ikkje, og det er difor ikkje nemnt noko om dette her.

Nokre få krigsdeltakarar har sagt frå at dei, av ulike grunnar, ikkje ønskjer å vere med i boka.

...

Opplysningane om desse tre krigsdeltaka rane korn så seint at det diverre var urtid å få dei med på rett plass.

Arne Flaate, entreprenør, Skodje/Sykkylven. F. 1915. Setnesmoen april IMfl Deltok i Romsdalen og Gudbrandsdalen.

Lars K Frøysa, mekanikar, Sunnlyven/Sykkylven F. 1909. Melde seg frivillig, og deltok som Sjøfør i Romsdalen og Gudbrandsdalen.

Severin Sjong, kvartermeister, Horten/Sykkylven. F. 1909, omkom i august 19-11 då jagaren Bath vart torpedert i Biscaya-bukta.



Fredrik Andersen
arbeidsformann
Sykkylven

F. 1907. Følgde Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Mykje teleløyning og tungt å kome til Veblungsnes. Vaktteneste på Åndalsnes, dessutan mykje ved vinsjen på den finske lastebåten som lossa krigsmateriell. Harde bombeåtak. Til Flatmark. Tyske fly prøvde å bombe vasstårnet på Raumabanen, men utan hell. Vaktteneste ved hotellet, som vart brukt til feltlasarett Til Rødven, demobilisering.



Olav Andreassen
disponent
Svkkylven

F. 1915. døydd 1953. Reiste med Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Til Veblungsnes og Setnesmoen Deltok ymse stader i Romsdalen og Gudbrandsdalen, og korn heim att etter knapt 4 veker,



Bjarne Aurdal
gardbrukar
Sykkylven

F. 1922. Reiste med MB Sverre frå Vigra til Shetland januar 1942. Til Skottland og England. Korporal i Feltartilleriet. Var med og samla inn våpen og utstyr etter tyskarane i Nord-Noreg 1945. Deltakarmedaljen, Kong Haakon

VII's minnemedalje.



Gustav Weiberg Aurdal
bladstyrar
Velledalen

F. 1915. døydd 1975. Gjekk på lærarskolen i Volda då krigen braut ut. Setnesmoen. Hadde første avdeling av med. embetseksamen, og var sersjant i Sanitetsknmpaniet. Deltok i Romsdalen og Gudbrandsdalen.



Jens L. Aure
bonde
Sykkylven

F. 1916. Møtte på Setnesmoen. Maskingevær-skyttar. Opp gjennom Romsdalen. På Lesjaverk fekk han inn treff med maskingevær på eitt av dei tyske flya som kvar morgon kom austanfra. og som var til stor plage for dei norske soldatane Var elles i ei hard trefning med tyskarane i km nord for Ringeby. Måtte deretter røme til fjells, og kom heim att over Dovre—Dombås—Isfjorden.



Lars L. Aure
møbeltapetserar
Sykkylven

F. 1918. Reiste med MB Haugen til Lerwick, Shetland i oktober 1911, Militæropplæring i Skottland, med i 2. Bergkompani. I okt./nov. 1944 med kryssaren Berwick til Murmansk. Over norskegrensa i november 1944. Svært vanskelege tilhøve, m.a. hardt klima og knapt med forsyningar under frigjeringa av Finnmark.



Sverre B. P. Aure
ingeniør
Sykkylven, lxs Angeles,
USA

F. 1899, døydd 1955. Hadde utdanning som ingeniør frå NTH då han emigrerte til USA 1927. Ymse slag byggearbeid. Til Burma i 1943 som underoffiser i US Army. Med og bygde Burma-vegen i to år. Svekt av malaria då han kom til Noreg 1946, døydd 9 år seinare.



Paul P. Bakke
butikkmann
Hundeidvik/Kongsvinger

F. 1918. døydd 1983. Reiste frå Hundeidvik til Veblungsnes 11. april. Deltok i Romsdalen og Gudbrandsdalen. og trefning med tyske fallskjermssoldatar på Dombås. På Støren ved kapitulasjonen. Vanskar med kommunikasjonane, og kom difor heim seinare enn dei fleste andre.



Morris Bendixen
lege
Ålesund Sykkylven

F. 1914, Var medisinsk student og tenestegjorde på Ålesund sjukehus ved krigsutbrotet. Til Åndalsnes 11. april. Leia transporten av sjuke og såra frå kampane i Gudbrandsdalen, og elles teneste på feltsjukehuset på Flatmark til kapitulasjonen. Var med på illegalt arbeid i Oslo og måtte røme til Sverige under studentaksjonen i 1943. Knytta til Den norske legasjonen, dessutan våpeninstruksjon og anna militær opplæring. Fenrik. Heim juni 1945.



Ole Bjørkavåg
fiskar
Spjelkavik/Hundeidvik

F. 1916. Korporal og lagfører. Følgde ein av dei ni lastebilane som transporterte soldatar frå Spjelkavik til Vestnes 11. april. Frå Setnesmoen til Dombås, der tyske fallskjermssoldatar vart nedkjempa. Seinare kamp ved Kvam, og deretter til Nord-Noreg. Hard trefning då to båtar med tyske soldatar prøvde å kome i land. Heim att frå Svolvær med Betelskipet Elieser.



Ivar O. Bjerke
lærer Velledalen
F. 1904. Følgde Frigg II frå
Aure og møtte på Setnesmoen.

Mange tyske bombeatak på Åndalsnes. Prøvde å råke flya med Krag Jørgensen gevær, men til inga nytte. I Isfjorden vakt over tyske fallskjermssoldatar som var fanga på Dombås. Var elles med på Romsdalshorn. Kylling og Verma. Hardt bombe-atak på Flatmark. Tilbake til Åndalsnes, som då stod i brann frå Nesaksla til Setnesfjellet, Dimittert på Rødven. Heimreise i lastebil med Olav O. Grebstad.



Arne N Blindheim
møbelsnikkar
Sykkylven

F. 1916. Reiste med Frigg 11 frå Aure til Ørskog. Møtte på Setnesmoen, og fekk utstyr der. Om lag ei veke vakt på Kylling bru. Seinare til Kvam, der det vart kamp. Vart avskorne og måtte gå om lag 2 mil for å nå att norske styrkar. Bombe-atak. Heimreise Gjermundnes—Ørskog—Søvikdalen.



Bjarne K. Blindheim
byggeleiar
Sykkylven/Toronto, Canada

F. 1906. Hadde kjøpt MB Blåegg og reiste frå Spjelkavik i mars 1941. Maskinskade, måtte snu. Ny båt, MB Havtor kom til Shetland 9. mars, 28 personar. Kort tid i England, så til Little Norway, Canada. Utdanning i flyreparasjonar i USA, deretter sersjant og sjef for reparasjonsverkstaden Little Norway. Vert for Kronprins Olav med huslyd der. Heim med Stavangerjord august 1945, dimittering No busett Toronto, Canada.



Hjalmar Blindheim
bonde
Sykkylven

F. 1906. Hadde gått underoffiserskolen og var sersjant. Reiste med Frigg II frå Aure 11. april. Setnesmoen. Var med og tok til fange eit tysk flymannskap etter at flyet deira hadde havarert på Lesjaskogvatnet. Skulle så til kamp i Gudbrandsdalen, men fekk ordre om å snu og reise heim.



Jostein Blomberg
skreddar
Trondheim /Sykkylven

F. 1914, fall på Verdalsøra 1940. Budde i Trondheim i 1940, og var innkalla til nøytralitetsvakt 9. april. Var saman med andre sykkylvingar i Kinnleiret. og med i ei trefning på Verdalsøra, Måtte trekke seg tilbake til ny stilling Under rekognosering vart han råka av ei geværkule, og døydde dagen etter, 22. april. Gravlagd ved Stiklestad kyrkje. Minnestein, reist av Sykkylven fril. ungdomslag.



Arne Bolstad
vedlikehaldsarbeidar
Velledalen

F. 1912. Skulle møte i Bergen, men byen var tatt, og etter mange omvegar til Voss. Uniform og utstyr der. Sjøfør, transport Voss—Gudvangen. Sterk bombing på Voss. heile sentrum i ruinar. Til Gudvangen, meir bombing og mitraljøreeld. Evakuering med båt, om lag 300 mann. søkklasta. Sør-Noreg oppgitt, vanskeleg å kome seg nordover. Heimreise over Stryn.



Jørgen Bolstad
gardsarbeidar
Velledalen

F. 1909. Skulle møte på Voss, og hadde såleis lang veg frå Velledalen- Frå Voss til Hallingdal, deretter til Valdres. Etnedal. Tyin og Hvalsmoen ved Hønefoss Harde trefningar med tyskarane i Etnedal, fleire falne. P.g.a ei broten hand innlagd på Tyin høgfjellshotell. som vart brukt som feltlasarett. Kom heim att 18. mai.



Karl T. Brudevoll
bonde
Sykkylven

F. 1901, døydde 1965 Følgde Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Frå Vestnes til Veblungsnos og Setnesmoen. Tenestegjorde for det meste med transportoppdrag i Romsdalen. Heimreise etter om lag tre veker.



Kåre C. Brunstad
maskinsnikkar
Velledalen

F. 1917. Melde seg friviljug, og reiste med motorbåt frå Aure til Veblungsnos Fekk i oppdrag å køyre engelske soldatar og materiell oppover Romsdalen så lenge krigen varde. Mange harde bombeåtak, m.a. vart fem engelskmenn drepne. Heimreise over Nordvik —Våge. Overnatting i ei løe og framifrå servering av bygdefolket på Ørskog. Mil. skyttarmerke i gull.



Leif Arne Brunstad
bonde og
industriarbeidar
Velledalen

F. 1918. Frå Aure til Setnesmoen 19. april. Gjennom Romsdalen Harde bombeåtak og mitraljøreeld på Dombås, Eit tysk fly nedskote. Kamp i Nåvedalen, Sør-Trøndelag. 60—70 mann. heldt stillinga i om lag 2 døgn, då dei måtte gi opp elter at tyskarane hadde fått fly støtte. Tilbaketrekking over Oppdal —Sunndal—Tingvoll. Heimreise.



Ole C. Brunstad
disponent
Velledalen

F. 1914. Heimanfrå 10. april til Ålesund, båt til Åndalsnes.. Sjøfør for regimentstaben..for det meste Åndalsnes-Lillehammer. Skulle køyre to departements-folk til Lillehammer, men slapp, då han ikkje hadde fått uniform. Tyske fallskjermssoldater stoppa bilen på Dombås. Sjøføren og ein passasjer drepne. Fly åtak med mitraljøre på Lesja. Fleire kuler i bilen. Var med og berga 8 engelske soldatar juni 1940.



Arne Dale
kjøpmann
Sykkylven

F. 1917. Reiste med Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Til Veblungsnos og Setnesmoen. Opp gjennom Romsdalen, og ned gjennom Gudbrandsdalen til Tretten st. Etter dette tilbaketrekking. Ein del av tida teneste på ammunisjonsbilen. Dimittert i byrjinga mai og fekk reise heim.



Ivar Dalen
entreprenør
Volda/Sykkylven

F. 1916. Skulle møte på Rinnleiret 9. april 1940. Trondheim tatt same morgonen, tyske tropper over alt. Kom likevel til leiren, fekk utstyr, seinare til Snåsa. Vart sjuk, Innlagd Innherred sjukehus. Heim med tog i slutten av juni.



Kristoffer Digernes
møbeltapetserar
Sykkylven

F. 1917. Var heim til Glomset og følgde bil til Vestnes. derifrå båt til Veblungsnes 11. april. Gjennom Romsdalen til Fåvang i Gudbrandsdalen, der det vart ei trefning med fienden. Måtte røme til fjells saman med fire andre sykkylvingar. Gjennom Rondane og ned til Dovre. Tyskarane var då komme til Åndalsnes. Heimreise.



Johan Eidem
banksjef
Sykkylven

F. 1891, døydde 1984. Det kom påbod i 1941 om at alle lærarar skulle tvangsinnmeldast i det nazistiske Lærarsambandet. Dei fleste nekta. I mars 1942 vart 1300 lærarar arresterte Johan Eidem vart leken, truleg fordi han hadde vore ordførar i 1930-åra. og også fordi han var godt kjend utanfor bygda. Fengsel i Ålesund, deretter Kalstad fangeleir, Fri etter 4—5 veker.



Karsten Eidem
målarmeister
Gardermoen

F. 1920. Reiste frå Ulsteinvik med MS Erkna hausten 1941. Til Lerwick, Shetland, og deretter Little Norway. Canada. Flymekanikar 331, Sqdr. England frå våren 1943. Hausten 1944 over til Frankrike, Belgia, Nederland. Dimittert Gardermoen 1946. Deltakar medaljen. Kong Haakon VTI's minnemedalje. The Star, The France and Germany Star, The Defence Medal, King George VI Medal.



Nils Eidem sokneprest
Sykkylven/Haugesund

K. 1903, døydde 1976—Følgde Frigg II Frå Aure til Ørskog 11. april, båt frå Vestnes til Veblungsnes. Var cand. theol, og såleis språk-kyndig, vart difor sett til teneste ved sentralbordet i Telegrafbygningen, og var på Åndalsnes til kapitulasjonen.



Sigurd Ekornes
disponent
Ikornnes

F. 1906. Reiste med D/S Møringen frå Ørsta vik til Sjøholt, vidare til Setnesmoen. Martin Linge orienterte der Mesteparten av tida vakt ved Horgheim turisthotell, der Regimentstaben var plassert. Miste alle sivilklede under bombinga av Åndalsnes, og måtte reise heim i uniform. Tilbake til Sykkylven—Ørsta.



Ole Ellefsen
sjåfør
Sykkylven

F. 1913, døydde 1982. Møtte med lastebil på Setnesmoen etter innkallinga. Frakta mannskap og utstyr gjennom Romsdalen til kampsona. Miste først bilen, men fann han att. Heim etter om lag 3 veker.



Gunder Engeseth
lærer
Sykkylven

F. 1903 Med i lagførartroppa. Følgde Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Til Veblungsnes om kvelden. Til kring 20. april vakt-teneste der. Deretter til Bjorli fram til slutten av månaden. Fleire harde åtak frå tyske fly, bomber og mitraljøseeld. Store skader på jernbanelina, telefonlina, bilar og hus. Vaktteneste ved Stuguflåten då del kongelege og deler av regjeringa kom. Heim i byrjinga av mai.



Knut Erstad
bygningssnikkar
Erstad/Stavanger

F. 1916. Frå Spjelkavik til Veblungsnes 11. april. Vakt-teneste ved Verma. Trefning med tyske fallskjermso-
ldatar som hadde forskansa seg med norske gislar i ei
løe ved Dombås. Seinare til Fåvang bru, tysk styrke
med 7 tanks, heldt stillinga eitt dager. Tilbake opp Gud-
brandsdalen med hestar og bilar. Mange tyske flyåtak.
Til Isfjorden og heim.



Leif K. Erstad
bygningssnikkar
Erstad

F. 1915. Reiste med Frigg II frå Aure til Ørskog 11.
april. Veblungsnes og Setnesmoen. Vaktteneste, først
på Stuguflåten og deretter ymse stader i Gudbrands-
dalen. Heim etter om lag 3 veker.



Olav J. Erstad
disponent
Ikornnes

F. 1908. døydd 1968. Møtte på Setnesmoen ein av dei
første dagane etter krigsutbrotet. Vakt-teneste på Ån-
dalsnes og i Romsdalen.



Arne Fausa
møbeltapetserar
Sykkylven

F. 1920, døydd 1980. Reiste med MB Sverre frå Vigra til
Shetland januar 1942. Til Skottland, med i trentropp og
kløvkompani, seinare 2. Bergkompani. 1 okt. /nov. 1944
med kryssaren Berwick til Murmansk. Over norske-
grensa i november 1944. Svært vanskelege tilhøve, m.a.
hardt klima og knapt med forsyningar under frigjeringa
av Finnmark.



Petter Fausa
snikkar
Sykkylven/Hjelseth

F. 1918. Skulle møte til nøytralitetsvakt på Rinnleiret.
Trøndelag 9 april, og kom fram i rett tid, endå Trond-
heim var tatt. Var med i krigen ymse stader i Trøndelag
fram til byrjinga av mai.



Kristian Fet
tilskjerar
Velledalen

F. 1914. Melde seg friviljug og reiste med Bjermeland
sin båt frå Aure til Ørskog 14. april. Innkvartert på pre-
stegarden, Åndalsnes, men måtte p.g.a. sterk bombing
flytte oppover Romsdalen. Tenestegjorde som sjåfør,
køyrd mannskap og krigsmateriell. Var også med un-
der rednings- og oppryddingsarbeidet då Åndalsnes vart
bomba. Heim i byrjinga av mai.



Willy Fure
møbeltapetserar
Straumgjerde

F. 1922. Reiste ut som sjømann i 1939, og var i utanriks-
fart då krigen braut ut. Var med på sju ulike båtar, for
det meste i tankfart, mellom USA og Grønland, og Vest-
india— England, Ofte åtak av fly og ubåtar. Kong Haa-
kon VII's minne medalje og medalje for teneste i han-
delsflåten.



Ragnvald Gjerde
fabrikkarbeidar
Ikornnes

F. 1916. Saman med 3-4 andre i motorbåt Ikornnes—
Sjøholt. Vestnes—Veblungsnes. Privat Innkvartering
første natta, deretter uniform o.a. utstyr. Korporal. Sa-
nitetsteneste Dombås—Dovre—Fåvang. Mange tyske
åtak, bomber og mitraljose eld. Tyske
fallskjermso-ldatar på Dombås. Kapitulasjon,
Innlevering våpen og utstyr i Vikebukt. Heimreise.



Martin Gjerde
drosjeeigar
Dyrkorn/Sykkylven

F. 1916, døydde 1984. Skulle møte til nøytralitetsvakt Narvik, og reiste frå Ålesund 8. april. Til Trondheim med tog. tyske tropper hadde då tatt byen. Kom likevel med tog til Rinnleiret. Første trefning med fienden ved Stod. Tilbaketrekking. Seinare kamp saman med franske tropper ved Valøy og Jørstad. Teken til (ange og internert 4. mai. Fangeleir Steinkjer. Heim 9. Juni.



Andreas Gjersdal
maskinist
Sykkylven/Bergen

F. 1903. omkom 1941 Reiste til sjøs i ung alder og busett i Bergen i 1940. Var i Ålesund ved krigsutbrotet, reiste til England med DS Samlanes natt til 9. april. Teneste som 1. maskinist på same båt. Gjeikk truleg på ei mine i Den engelske kanalen i 1941- Alle omkom.



Arne Grebstad
lektor
Sykkylven

F. 1910. Følgde Frigg II11, april og møtte på Setnesmo-en. Var knytt til telefonstasjonen på Åndalsnes, sensurerte rikstelefonamtalar. Tyske åtak med bomber og granatar. Etter overgjevinga, heim attpå lastebil med Olav O. Grebstad.



Johan J. Grebstad
bonde
Sykkylven

F. 1918. Lagfører Sanitetskompaniet, Til Setnesmoen Førde sanitetsutstyr til dels med hest og kjerre. Kamp med tyske fallskjerm tropper på Dombås. Gjennom Gudbrandsdalen til Fåvang, mange harde bombeåtak og mitraljøre-eld frå tyske fly. Særleg dramatisk på Sel st., då ei bombe eksploderte få meter unna. 29. april kl. 3 om natta tilbake til Åndalsnes, som då stod i full loge Heimreise Isfjorden Gjermundnes—Vikebukt.



Nils J. Grebstad
trygdesjef
Sykkylven

F. 1917. Reiste frå Noreg 1 oktober 1941 med MB Haugen til Shetland. Offiserutdanning og mange kurs 1942/44 i Skottland og England. I okt./nov. 1944 med kryssaren Berwick til Murmansk. Troppsjef i 2. Bergkompani. Over norskegrensa i november 1944. Svært vanskelege tilhøve, m.a. hardt klima og knapt med forsyningar under frigjeringa av Finnmark. Kong Haakon VII minnemedalje, Deltakarmedaljen, Kongens fortjenestemedalje i sølv.



Olav O. Grebstad
snikkar/sjåfør
Sykkylven

F. 1916. Fekk ordre frå politimeisteren om å levere den nye lastebilen sin, og melde seg då frivillig til krigs-teneste. Kjørde mest på Åndalsnes, i Gudbrandsdalen, Ålesund og Molde. Kamp med tyske fallskjermssoldatar på Dombås. To tyske fly vart nedskotne med Krag-Jørgensen gevær. Kjørde mykje saman med Karl V. Jørgensen. som fall. Hadde med mykje utstyr til Ålesund radio heim att.



Petter O. Grebstad
møbeltapetserar
Sykkylven

F. 1919, Reiste med MB Haugen til Lerwick, Shetland 1 oktober 1941. Militær opplæring, m.a. fleire spesialkurs. i Skottland, med i 2. Bergkompani. I okt./nov. 1944 med kryssaren Berwick til Murmansk. Over norskegrensa i november 1944. Svært vanskelege tilhøve, m.a. hardt klima og knapt med forsyningar under frigjeringa av Finnmark.



Ole Grenningsæter
lensmannsfullmektig
Sykkylven/Valldal

F. 1903. Sersjant i Hæren. Følgde Frigg II til Ørskog. Lastebil til Våge. Hadde med ein del våpen som hadde vore brukt til øving i Sykkylven. Sjef for ei mitraljøsetropp, mannskap frå Nordmøre og Romsdal Ei tid på Stugu-flåten, seinare mot Dovre. Ikkje direkte trefning med fienden, men daglege bombeåtak- Freista å svare med eigne våpen, men ingen synlege resultat. Heim att over Sjøholt—Aursnes.



Gunvor Velle Gjerdsrud
avdelingssjukepleiar
Sykkylven/Oslo

F. 1919. Hadde vore med på illegalt arbeid i Ålesund «Ferietur» med sykkel til Trøndelag sommaren 1942, over grensa til Kjesåter, Sverige. Til Stockholm, og i mai 1944 til Øreryd, militærleir for norske soldatar. Heimreise august 1945.



Lars Hagen møbeltapetserar
Sykkylven/ Gjerdsvika

F. 1914. Skulle møte til nøytralitetsvakt Trøndelag 8 april, Hustadvika minelagd, difor saman med 3 andre sykkyllvingar tog til Trondheim. Byen alt tatt av tyskarane Til Rinnleiret. mobilisering. Stilling ved Verdalsøra. Vart sjuk etter 3—4 dagar, til Overhalla sjukehus. deretter ut til Kråkøya. måtte ha legetilsyn. Båt sørover til Bessaker, og fekk så følge båt frå Aure, Nordmøre Heim pinseaftan.



John Haram
møbeltapetserar
Sykkylven

F. 1922. Reiste frå Ulsteinvik med MS Erkna i november 1941. saman med om lag 60 andre personar, rna. fleire sykkyllvingar. Til Lerwick, Shetland. 1941— 42 Carron-bridge øvingsavdeling, P.g.a sjukdom overflytt til Norway House, Dumfries. Skottland, Heim august 1945.



Karl Haram
bygningssnikkar
Sykkylven

F. 1914. Skulle møte til nøytralitetsvakt på Rinnleiret 9.april 1940, og kom dit til rett tid, endå Trondheim var okkupert, Trefningar med tyskarane i Trøndelag. I november 1941 med MS Erkna til Shetland. Til Patrioc School i London, og deretter militærøplæring i Skottland, Til Nord-Noreg i mai 1945. Tenestegjorde med avvæpning av tyskarar og ta vare på russiske fangar. Dimittert november 1945,



Bjarne Haugseth
lastebileigar
Sykkylven

F 1923. døydde 1973. Reiste frå Sykkylven saman med to kameratar, Kjell Sllnningog Edvard Vegsund, i februar i 1945, Tog Åndalsnes— Trondheim. Nytt tog til Hell st. Hadde med ski, skulle på «ferietur». Gjekk først til fots etter jernbanelina mot Sverige. Kom ut av kurs p.g.a. tjukk snøkave, overnatta på ein gard og unngjekk så vidt tysk patrulje Til Sverige neste dag. Over til England, militærøplæring i Skottland. Var med i Tran-sportkompaniet og gjorde teneste i Finnmark etter frigjeringa.



Otto Hjellegjerde
disponent
Svkkylven

F. 1917. Korporal. Frå Aure til Setnesmoen 11 april Tyske fallskjermtrupper på Dombås. Deretter m.a. til Lesjaskog, og trefning ved Fåvang. Intens flyaktivitet, bombing og mitraljøseld. Vegsperringar. Tyskarane sette inn tyngre skyts, norsk tilbaketrekking. Lite utstyr og ammunisjon, Sprengde bruer, vegar, jernbane. Til Lesja samtidig med kongefamilien Endå meir bombing, Åndalsnes og Molde brann. Heimreise frå Vikebukt.



Jon Hjortdal
produktutviklar
Velledalen

F 1919, Tenestegjorde i Kongens Garde då krigen kom. Var med OJ: tit.oppå tyskarane ved Midtskogen då del skulle fange Kongen og regjeringa, og i forsvaret av Elverum mot tyske bombefly. Eidsvoll og Strandløkka Harde kampar I 2 døgn ved Ring st. Vandra rundt i området mot Trysil i fleire dagar. Med tysk troppetransport — tog til Åndalsnes, og kryssforhøyr av kommandanten der. Heim 6. juni.



Olav H. Hole
fabrikkeigar
Velledalen

F. 1916. Frå Aure til Setnesmoen 11. april. Gjennom Romsdalen og Gudbrandsdalen. Tok stilling ved Kvam, men fienden hadde tungt skyts, og måtte gi opp. På ski til fjells, over til Dombås, Derifrå tog, men lokomotivet sprengt ved sabotasje. Mange engelske soldatar på retrett. Miste alle sivile effekter ved bombinga av Åndalsnes. Heim i uniform.



Severin Hole
møbeltapetserar
Velledalen/Stranda

F. 1915- Nettopp heimkomen frå nøytralitetsvakt på Madlamoen då krigen braut ut. Frå Åndalsnes tog til Dombås. 200 tyske fallskjermssoldatar frå 5 fly vart nedkjempa. Deretter trefningar ved Vinstra og Kvam. Teken til fange ved Kvamporten og førd til Oslo. Seinare sett til å reparere jernbanebruer i Gudbrandsdalen saman med austerrikske soldatar. Heim 1. juni.



Sigmund Hole
maskinist
S.vkkylven/ Anaheim,
USA

F. 1918 Reiste til sjøs i 1939 og arbeidde i handelsflåten då krigen braut ut. Under krigen først i konvoifart mellom USA og England som matros på tankskip. Tok så utdanning og tenestegjorde som maskinist resten av krigsåra, heile tida på norske skip. No busett i USA.



Leif Holen
kjøpmann
Sykkylven

F. 1915. døydd 1974. Reiste med Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Veblungsnes og Setnesmoen. Var med i Romsdalen, og ymse stader i Gudbrandsdalen, m.a. ved Tretten og Fåvang. Hard trefning med tyske fallskjermssoldatar som hadde forskansa seg med norske gislar på ein gard ved Dovre. Heim etter om lag 3 veker.



Johan Holmberg
fabrikkarbeidar
Sykkylven/Skodje

F. 1919. Var i Kongens Garde, Terningmoen, då krigen braut ut. Hard trefning ved Midtskogen, lettare såra. Kuleskrens i hjelmen og fleire kuler i ryggsekken. Elles med i Østerdalen, m.a. bruvakt på Tynset. Frå Røros over til Sverige, kom heim att etter krigens slutt.



Peder Holmberg
bygningssnikkar
Velledalen

F. 1906. Med Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Erik Jarl til Veblungsnes. Mottekne og orienterte av m.a. Martin Linge. Var med på Åndalsnes og i Romsdalen. Heimreise over Nordvik—Våge — Sjøholt,



Sigurd Holmberg
fabrikkarbeidar
Sykkylven

F. 1915. Hadde vaktteneste på Sola flyplass i Madlamoen frå januar 1940, og var nettopp komen heim ved mobiliseringa Frå Setnesmoen til Dombås, og deretter Kvam. Gjennom Gudbrandsdalen —Romsdalen over Nordvik—Våge og heim att.



Sverre Hundeide
gardbrukar
Hundeidvik

F. 1907. Reiste med båt frå Hundeidvik til Ørskog 11. april. Til Veblungsnes og Setnesmoen, Vaktteneste på Åndalsnes og i Isfjorden, m.a. over eit finsk skip. lasta med krigsmateriell. Stadig harde bombeåtak frå tyske fly. Opp gjennom Romsdalen, der det vart grave skyttargraver, då ein venta på åtak frå tyske fallskjermssoldatar. Ned att til Åndalsnes, som då stod i brann. Heim, truleg med Tusvik-skuta, som for vidare til Hjørund-fjorden, B. mai.



Ottar Johnsen
skipselelektrikar
Ikornnes

F. 1922. Reiste med MS Frimann frå Måløy til Lerwick, Shetland i februar 1942. i Marinen, jagaren Bath torpedert i Biscaya-bukta i konvoi-teneste. Seinare for det meste ubåt-teneste på B-l, trenings- og opplæringsfarty.



Karl Vilnes Jørgensen
sjåfør
Tennfjord/Sykkylven

F 1919. Møtte på Setnesmoen med arbeidsgjevarens lastebil, og melde seg frivillig til krigsteneste. Vart råka av granatsplint og døydde 27. april. Mykje dramatikk under gravferda: På vegen Tennfjord—Vatne gjorde tyske fly åtak med maskingevær på det store gravfølget. Minnestein, reist av bygdefolket i 1945, på Vatne kyrkjegard.



Alf O. Klokk
gardbrukar
Kam stad da I

F. 1917, Korporal og skarpskyttar. Over til Ørskog, motte på Setnesmoen 11. april. Dårleg utstyr. Uttatt i tropp for å møte dei tyske fallskjermssoldatane på Dombås. Deretter vaktteneste på Lesjaverk, Hard trefning ved Ringeby. Kompaniet miste kontakten, om lag 150 mann til fjells. I Venabygda sivile klede og mat. Gjennom Rondane—Høvringen—Lesjaverk—Dombås—Vakkerstøylen—Valldalen. Fjordabåten heim att.



Leif Klokk
vegarbeidar
Kamstaddal

F. 1915 reiste over Ørskog—Vestnes, og kom til Veblungnes kl. 22.00 11. april. Var med og tok til fange tyske fallskjerm-soldatar på Lesja. Deretter til Fåvang med tog. Fleire trefningar med tyskarane i Gudbrandsdalen, men lang avstand. Over Lesja til Isfjorden, og fekk beskjed der om å kome seg heim att. 20—30 mann låntok ein lastebil. Til Ørskog, robåt til Ramstaddal.



Olav L. Klokk
vegarbeidar
Ramstaddal

F. 1918. Rodde til Sjøholt, deretter med buss og ferje til Veblungnes. Trefning på Dombås, seinare harde kampar 26. —29. april i Navedalen, Sør-Trendelag. 60—70 mann heldt fienden i om lag 2 døgn, då dei måtte gi opp etter at tyskarane hadde fått fly støtte. Tilbaketrekking over Oppdal—Sunndal—Tingvoll. Heimreise Molde — Vestnes — Sjøholt.



Olav M. Klokk
anleggsarbeidar
Ramstaddal

F. 1917, døydde 1968. Båt til Ørskog, møtte på Setnesmoen 11. april. Dårleg utstyr. Uttatt i tropp for å møte dei tyske fallskjermssoldatane på Dombås. Deretter vaktteneste på Lesjaverk, Hard trefning ved Ringeby. Kompaniet miste kontakten, om lag 150 mann til fjells. I Venabygda sivile klede og mat. Gjennom Rondane—Høvringen — Lesjaverk — Dombås — Vakkerstøylen—Valldalen Fjordabåten heim att.



Lars Korsbrekke
kjøpmann Snnnylven/
Sykkylven

F. 1911 Skulle møte i Trondheim, men det var uråd. Til Åndalsnes, sjåfør. Melde seg for Martin Linge. Teneste: Sjåfør i det engelske hovudkvarteret i Romsdalen, køyrde sjefen for dei britiske styrkane Til Dovre, det engelske hovudkvarteret. Køyring med eskorte i Gudbrandsdalen og Romsdalen. Tyske flyåtak m.a. med bomber på Otta. Tilbake til Åndalsnes, heim om Valldalen



Sverre Kvellaug
bokhandlar
Straumgjerde

F. 1921. Reiste til Sjø juli 1939. Den Norske Brigade til sept. 1943, deretter sanitetsteneste i marinen. Det norske militærssjukehuset Edinburgh. I konvoitenesta mange torpederingar av tyske ubåtar. Båten, DS Hada County, grunnstøytte og sokk i konvolteneste 1942. Heimreise frå Dumfries, Skottland juli 1945. Krigsmedaljen, Deltakarmedaljen. Kong Haakon VII's minnemedalje, Defence Medal of Britain.



Einar Lade
fabrikkarbeidar
Straumgjerde

F. 1917. Følgde Frigg II frå Aure Ul Ørskog 11. april. Setnesmoen, våpen og utstyr. Gjennom Romsdalen til Lesjaverk. Trefning med tyske fallskjerm tropper på Dombås, seinare gjennom Gudbrandsdalen til Fåvang og Ringeby for å avlaste engelske tropper Tilbaketrekking og kapitulasjon. Heimreise.



Erling Lade
fabrikkarbeidar
Velledalen/Sykkylven

F. 1918, døydde 1953. Var nettopp attkomen frå teneste på Lademoen, Trondheim, då krigen braut ut. Tilbake til Trondheim. Vart teken til fange, men greidde å røme, og var med i kampane i Gudbrandsdalen. Stod vakt ved hotellet på Dombås då Kong Haakon med følgje var der



Anton Larsen
stuert Sykkylven

F. 1907. Var stuert i MRF då krigen braut ut, og måtte gjere teneste der 2-3 dagar før han kom seg til Åndalsnes 13. eller 14. april. Sjef der var Martin Linge. Fekk teneste som kokk på Åndalsnes, kjellaren på Telefrafbygningen. Seinare opp gjennom Romsdalen til Marstein og Flatmark, ei stund på garden Bersas Mykje bombing, store vanskar med å få fram råvarer. Dimittert Grytten. Heim frå Ørskog med motorbåten til Egil Larsen.



Jon
vaktmeister
Sykkylven

F. 1921. Reiste med MB Erkna frå Ulstein i november 1941. Til Shetland, deretter i Den Norske Brigade, Skottland. I okt./nov. 1944 med kryssaren Berwiek til Murmansk. Vidare til Petsamo og over norskegrensa til Kirkenes. Var med i fleire trefningar ved frigjeringa av Finnmark. Kurs i fallskjermhopping, landgang-øving m.m



Ingvald Lillebue
fahrikkeigar
Sykkylven

F. 1915, Korporal og lagfører. Skulle møte på Bø-moen, Voss, men kom ikkje lenger enn til Nordfjordeid. Hadde vakt-teneste der og ymse stader på Strynefjellet. Var med og tok hand om 13 tyskarar frå to nedskotne fly på Strynefjellet. Fekk ordre om å levere inn våpen og utstyr då tyskarane nærma seg raskt. Dimittert etter om lag 10 dagar.



Arthur Lind-Olsen
fiskar
Lødingen/Sykkylven

F. 1917. Var med i Bergartilleribataljon 3, Bardu Først til Sætermoen, deretter til Lapphaugen, og vidare mot Gratangen Saman med franskmenn og soldatar frå Framandlegionen harde trefningar med tyskarane. Frå Bjerkvik mot svenskegrensa kampar fram til 7.-8. mai.



Arne Lyshol
bonde
Sykkylven

F. 1916. Korporal i Sanitetskompaniet. Følgde Frigg II frå Aure og kom til Setnesmoen 11. april. Møtte tyskarane ved Fåvang, saman med engelske og tyske styrkar. Måtte vere att og ta hand om dei såra då eigne styrkar drog seg attende. Måtte for det meste gå opp att Gudbrandsdalen. Fienden like bak. Heimreise Vikebukt— Ørskog, Følgde båt frå Haramsøy, som henta folk frå øyane, til Aursnes.



Øystein Lyshol
formar
Sykkylven/Fagernes

F. 1914. Reiste med Frigg II til Ørskog 11 april, og møtte på Setnesmoen. Var med på Åndalsnes, i Romsdalen og ved Ringebu, Kusk og hestepassar i Sanitetskompaniet Mange hestar redde for bomber og granatar, problem å roe dei. Åtak frå Messerschmidt fly. Heimreise over Ørskog—Søvikdalen.



Martin K. Laseth
møbeltapetserar
Ramstaddal

F. 1907, døydde 1984. Frå Ramstaddalen med båt til Ørskog, bil til Vestnes Og båt til Veblungsnes. Vakt- og kokketeneste nokre dagar medan Åndalsnes vart bomba. Måtte så flytte til Marstein, der han framleis hadde kokketeneste. Heimreise etter om lag 3 veker.



Ole Løseth
tilskjerar
Ramstaddal/Sykkylven

F-1918. Hørde til Trøndelag Dragonregiment. og hadde vore på Vinterøving Oppdal februar/ mars. Tyske krigsskip i Trondheim og tyske soldatar i byen då han reiste tilbake til Rinnleiret 9. april. Utstyr, m.a. kvite forsvinningsdrakter. Mot Verdalsøra. Fremste line nord for Steinkjer. Stadig kontakt med fienden, bomber og mitraljøseeld. Krigsfange Snåsa—Steinkjer til 4. juni. Heimreise.



Oskar Leset
kjøpmann
Ramstaddal

F. 1908. Reiste frå Ramstaddal med MB Nor (eigar Egil Larsen) til Sjøholt, derifrå med lastebil. Møtte på Veblungsnæs, og tenestegjorde for det meste med å losse materiell frå engelske krigsskip og transportert det opp Romsdalen. Opplevde mykje bombing og mitraljøseeld frå tyske fly både på Åndalsnes og på transportane vidare.



Ole Melseth
møbeltapetserar
Søvikdal

F. 1917, døydd 1959. Fjordabåten til Ørskog, møtte på Setnesmoen U. april. Uttatt i tropp for å møte dei tyske fallskjermssoldatane på Dombås. Vaktteneste på Lesjaverk. Ved Ringebru engelskmennene tilbake. Norske styrkar sprengde ut ein fjellhammar — vegsperring — hard trefning med tyskarane. Kompaniet miste kontakten, om lag 150 mann til fjells. I Venabygda sivile klede og mat. Gjennom Rondane—Høvringen — Lesjaverk — Dombås—Vakkerstøyle—Valldalen. Fjordabåten heim att.



Einar Moldestad
handelsstyrar
Breim/Sykkylven

F. 1910, døydd 1957. 11. april frå Sykkylven gjennom Nordfjord til Vadheim. Derifrå båt til Gudvangen og bil til Voss. Stadig åtak frå tyske fly med bomber og maskingevær. Dimittert etter nokre dagar og fekk reise heim.



Johan Myklebust
relasthandlar
Sykkylven/Stadlandet

F. 1916 Frå Aure til Setnesmoen 11. april. Først vaktteneste ved Kylling bru. deretter til Dovre. Trefning med tyske fallskjermssoldatar som hadde forskansa seg med norske gislar på Linse gard. Vakt over Kongen med følgje på Stuguflåten, Ned gjennom Gudbrandsdalen til Tretten-Ringebru-området. Tysk panserstyrke. Retrett. Til fjells, ned att til Dovre og Dombås etter 4-5 dagar. Krigsfange Mølmen hotell. Kapitulasjon og heimreise.



Fetter K. Myrseth
snikkar
Hundeidvik

F. 1917. Møtte på Setnesmoen, vart send til Bjorli og Lesjaskog. Vaktteneste. Var med og tok til fange 22 tyske fallskjermssoldatar på Lesjaskog. Deretter med tog til Fåvang, trefningar med tyskarane der. Saman med fire andre sykkyllvingar til fjells. Fekk sivile klede og mat med bygdefolket. Planla å reise til Sverige, men gjekk nordover gjennom Rondane til Dovre st. Skyss med tysk militærbil til Isfjorden. Heimreise



Sigmund Xakkeberg
bonde
Velledalen

F. 1917 Møtte Setnesmoen 11. april. Flyåtak på Lesjaverk, eit fly vart råka av norske kuler. Måtte røme til fjells saman med fem andre sykkyllvingar etter ei trefning mellom Fåvang og Ringebru. På ski gjennom Rondane, til Dovre og Dombås Krigen slutt i Sør-Noreg. Tysk lastebil til Åndalsnes. Heimreise.



Oscar Nybø
rekneskapsførar
Sykkylven

F. 1915. Mitraljøseskyttar. Til Veblungsnæs 11. april. Vaktteneste, først på Åndalsnes, deretter nokre dagar ved Grytten bru. Seinare gjennom Romsdalen til Dovre, Dombås, Tretten, Fåvang og Ringebru. Trefningar med tyskarane. Bombe åtak og mitraljøseeld, særleg hardt ved Lesjaverk/Lora. Likevel liten skade p.g.a. djup snø. Kunne truleg tatt flya, men fekk ikkje skyte. Gjennom Romsdalen, til Isfjorden og heim.



Torkjell Overaa
bygningsmann, fiskar
Sykkylven/USA

F. 1920 Reiste f ra Ulsteinvik med MS Erkna hausten 1941. Til Lerwick. Shetland og deretter Little Norway, Canada. Frå 1943 flygar ved RAF Base, Gloucester, England, og deretter stasjonert Sullom Voe, Shetland. Fleire tokt på norskekysten, m.a. til Vestlandet, der han fekk sjå att sunnmørsfjella med sol og snø og innbydande skiterreng Etter frigjeringa ymse oppdrag innanlands m. a. tur til Nord-Noreg før tyskarane var avvæpna.



Johan Ramstad
sjåfør
Ramstaddal/Velledalen

F. 1912. Følgde Bjermelands båt frå Ramstaddalen til Ørskog, buss til Våge. motorbåt til Nordvik. Stasjonert på prestegarden, Åndalsnes, og tenestegjorde som sjåfør Kjørde ammunisjon, utstyr og soldatar opp gjennom Romsdalen. Stadig bombeåtak frå tyske fly. Var saman med Karl Jørgensen, som vart råka av bombesplinter ved Sogge bru.



Konrad Ramstad
gardbrukar
Rarmtaddal

F. 1916, Døydde 1971, Hørde til Trøndelag Dragonregiment, og møtte i Rinnleiret 9. april, Kvite forsvinninga-drakter. Stadig kontakt med fienden, bomber og mitraljose-eld. Ute utstyr og våpen på norsk side. Fremste linje nord for Steinkjer, hard trefning. Krigsfange frå 5. mai. Heimreise etter nokre veker.



Arthur Riksheim
møbeltapetserar
Straum gjerde

F. 1918. Hadde tenestegjort på Setnesmoen sommaren 1939, og var mellom dei siste som vart innkalla då krigen braut ut (om lag 20—25. april). Var med på Åndalsnes og i Romsdalen. Etter bombinga av Åndalsnes, heimsend, saman med mange andre, i opne lastebilar over Ørskog-fjellet,



Sverre Riksheim
rmøbeltapetserar
Straumgjerde

F. 1914, døydde 1973. Reiste frå Aure til Ørskog med Frigg II 11. april. Til Veblungsnes og Setnesmoen. Tenestegjorde på Åndalsnes, i Romsdalen og i Gudbrandsdalen. Kom heim att etter om lag 3 veker



Nils Roald
gardbrukar
Sykkylven

F. 1914. Følgde Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Frå Vestnes til Veblungsnes og Setnesmoen. Privat innkvartering første natta, Vaktteneste på Åndalsnes. Til Molde med båt, stadig tyske bombeåtak, men ingen skadde. Vidare til Ålesund då Vigra vart bomba. Heim-



Bjarne Rotnes
fiskeskipper
Hundeidvik

F. 1905 Båt til Ålesund, derifrå bil og ferje til Veblungsnes og Setnesmoen 12. april. Mitraljose-tropp. Først på Åndalsnes, deretter ymse stader i Romsdalen, m.a. ved eit ammunisjonslager på Verma. Seinare vakt over tyske fallskjermsoldatar på Bjørli, var også med å transportere dei til Isfjorden. Ei stund innkvartert på Park hotell, deretter til Lesja. Sterke åtak med mitraljoseeld frå tyske fly. Beskjed om kapitulasjon. Dimittert Rødven. Heim med Tusvik-skuta.




Per Runes
blikkenslagar
Sykkylven

F. 1920. Reiste med MK Olaf frå Ålesund til Lerwick i september 1941. Rett over i Den norske marine, England. Oppdrag, m.a. minelegging i Kanalen. Seinare over på MTB og ubåtane Ula og Utsira. Konvoiteneste og landsetting/henting av agentar og utstyr på norskekysten. Krigsmedaljen. Kong Haakon VII's minnemedalje. Deltakarmedaljen m. stjerne, Atlantic Star, 1939—45 Star, Defence Medal.



Nils Sjøholt
verksmeister
Ikornnes

F. 1905. Reiste frå Ikornnes med motorbåt til Ørskog. BF Geiranger med sløkte lanterner Vestnes—Veblungsnes. Tyske fly følgde båten. Setnesmoen. Opp gjennom Romsdalen, vaktteneste Horgheim, Marstein og Flatmark st. Bombe-åtak Marstein st. Heimatt over Gjer-mundnes—Sjøholt—Søvikdalen.



Eilef Skotte
gardbrukar
Sykkylven

F. 1915. Reiste med Frigg II frå Aure, nettopp attkomen frå nøytralitetsvakt på Madlamoen, Stavanger. Til Dombås. Var med på å nedkjempe tyske fallskjerm-soldatar i om lag ei veke. Etter dette fleire trefningar i Gudbrandsdalen, men måtte snu om lag ei mil sør for Kvam. Tilbake til Åndalsnes og Isfjorden med lastebil, og dimittering på Vestnes.



John Slinning
avdelingsingeniør
Sykkylven/Oslo

F. 1920. Reiste med MS Erkna frå Ulsteinvik til Lerwick, Shetland hausten 1941. 60 personar var med, m.a. fleire sykkylvingar. Rekrutt- og mekanikarskule i Little Norway, Canada, deretter mekanikar 331. Sqdn. Spitfi-re, England. Invasjon Frankrike juni 1944, vidare gjennom Belgia, Holland, Tyskland. Over Edinburgh, Skottland til Gardermoen 18. mai 1945. Deltakarmedaljen m. rosett Haakon VII's minnemedalje, 1939-45 Star, France and Germany Star, Defence Medal.



Kjell Slinning
skreddar
Sykkylven

F. 1921. Reiste frå Sykkylven saman med to kameratar, Bjarne Haugseth og Edvard Vegsund, i februar 1945. Tog Åndalsnes—Trondheim. Nytt tog til Hell st. Hadde med ski, skulle på «ferietur». Gjekk først til fots etter jernbanelina mot Sverige. Kom ut av kurs p.g.a. tjukk snøkave, overnatta på ein gard og unngjekk så vidt tysk patrulje. Kom over grensa, innrullert i norske styrkar. Dimittert i Sverige slutten av mai 1945.



Johan Solnes
skreddar
Sykkylven/Alaska, USA

F. 1921. Hadde arbeid i Trondheim og rømde over grensa til Sverige hausten 1942. Innrullert i norske styrkar i Øreryd og fekk militær opplæring. Over grensa til Noreg tidleg i mai-dagane 1945.



Thomas Strømme
fabrikkeigar
Sykkylven

F. 1906. Følgde Frigg II frå Aure til Ørskog 11. april. Frå Vestnes til Veblungnes og Setnesmoen. Privat innkvartering i byrjinga. Vaktteneste på Åndalsnes og ved Kylling bru. Martin Linge var sjef. Harde bombeåtak der, men djup snø dempa verknaden av bombene. Vakt over tyske fallskjerm-soldatar på Åndalsnes. Heim etter om lag tre veker.



Waldemar Stuen
tilskjerar
Sykkylven

F. 1917, døydd 1983. Var med Frigg II frå Aure, og møtte på Setnesmoen 11. april om kvelden. Gjorde teneste på ammunisjonsbilen mykje av tida, og var med i området ved Fåvang og Tretten. Vart dimittert i byrjing av mai og fekk reise heim.



Aksel Svindseth
møbeltapetserar
Ramstaddal/Sykkylven

F. 1923. Etter å ha drive med illegalt arbeid i byrjinga av krigsåra, m.a. flyktningstransport til Sverige, måtte han sjølv rømme over grensa. Byrja på trening til flygar, men kom seinare over i Hæren. Med 8. feltbataljon til Finnmark i 1945. Kontakt med russarar og tyskarar. I mai 1945 over grensa til Oslo, opprensking der og fleire andre stader. Dimittert desember 1945.



Jens Ullavik
kjøpmann
Sykkylven



Lilly Rønnes Walle kontorfullmektig
Ålesund

F. 1918. Frå Aure til Veblungsnes omkring midten av april. Gjennom Romsdalen til Dombås. Harde kampar i Nåvedalen i slutten av april. Heimreise etter om lag 3 veker.

F. 1919. Saman med mannen sin organiserte ho mange flyktningtransportar frå Ålesund til England, og tok mot agentar derifrå. Måtte røme landet i mars 1942. tötter em lang og farleg tur gjennom Nordfjord, MB Olaf frå Vetvik i Bremanger til Shetland. Rekruttskule og sambandskurs i England. Kontorfullmektig ved E-kontoret. Heim med transportskipet Andes mai 1945. Deltakarmedaljen. Kong Haakon VII's minnemedalje.



Karl Utgard
verksmeister
Sykkylven

F. 1909 Reiste med Bjermeland sin båt frå Aure til Ørskog 14. april. Innkvartert på prestegarden, Åndalsnes, men måtte p.g.a. sterk bombing flytte oppover Romsdalen. Tenestegjorde som sjåfør, køyrde mannskap og krigsmateriell. Var med Brand IV til Ålesund og kom i land like før båten vart bomba. Heim etter om lag 14 dagar.



Lars B. Wik
bilmekanikar
Sykkylven

F. 1907, døydd 1982. Følgde Frigg IT frå Aure til Ørskog 11. april, båt frå Vestnes til Veblungsnes, Første dagane vaktteneste på Åndalsnes. Mitråljøse-skyttar og flink mekanikar. Greidde å reparere ei defekt mitraljøse, som det vart god bruk for. Til Lyngheim, der det var mange tyske bombeåtak, m.a. på sjukehuset, som hadde Raude Kross-merke. Nedover Romsdalen igjen 30. april.

DEI FALL FOR FEDRELANDET

JOSTEIN BLOMBERG


F 10. september 1911, fall 22. april 1940.

Jostein Blomberg var son til Tomas Blomberg og kona Gjertrud, f. Vike. Tomas Blomberg dreiv først som skreddar i Ramstaddalen, seinare som skreddar på Aure og i Stordalen. Huslyden budde ymse stader på Aure, mesteparten av tida i Fønix-huset. Jostein fekk såleis barndomsåra sine i Sykkylven, og vart snart kjend som ein god kamerat. Han var svært flink på skulen, og lærar Elias Frøysa kom difor til foreldra og rådde dei til at han måtte få gå skulevegen. Men det var trange tider, og det vart til at han gjekk i farens fotspor og lærde seg skredder faget. Ei stund arbeidde han og på A/S Sykkylven kurvvarefabrikk. Han var med og spela i musikk korpset Lurlåt.

Han tok svennebrev i skreddarfaget, og fekk seg arbeid i Trondheim. Der var han ved krigsutbrotet.

Jostein Blomberg var med i dei harde kampene i Verdal, då hans tropp m.a. fekk i oppdrag å forsvare dei to bruene der mot tysk framrykking. Eit liknande oppdrag fekk dei litt seinare då dei skulle sikre rettetten til norske og engelske tropper i nærleiken av Stiklestad. Under eit rekognoseringsoppdrag ved Gudmundhus vart han råka av ei kule og hardt sår.

Han hadde kome seg inn i løa på ein gard i nærleiken. Folket på garden hadde rømt derifrå, men kona, som kom tilbake for å sjå til med dyra, høyrde at der var nokon. Ho fann den sår soldaten og fekk han inn i våningshuset. Ho prøvde å få tak i lækjarhjelp, også av tyskarane, men det lukkast ikkje. Jostein Blomberg døydde der, 22. april. Han



rakk å skrive ei helsing til faren, der det m.a. stod (sitert etter minnet): "Vart skoten ute på post. Mi sak med Gud er oppgjort".

Sykkylven f. ril. ungdomslag har reist ein minnestein på grava hans ved Stiklestad kyrkje. Dessutan vart det i 1984 oppsett eit minnesmerke over han og andre som fall i krigen, i Mo parken, Verdal.

KARL VILNES JØRGENSEN

F. 18. mai 1919, fall 25. april 1940,


Karl Vilnes Jørgensen var son til Petter Jørgensen og kona Marta, f. Vilnes. Faren reiste til USA, og mora døydde før guten var vaksen. Han flytte til mormor si, Jacobine Vilnes i Tennfjorden og budde der til ho døydde i 1938. Til Sykkylven kom han som dreng i Kari-garden på Velle, og vart snart kjend som sjåfør på Kari-forden. I 1939 fekk han arbeid som sjåfør hos Andreas Aure, og budde då i Pilgar den. Folket der hadde mykje godt å seie om «Kalle», som han vart kalla. Han var roleg og omgjeengeleg, og ein svært dugande sjåfør.

Lastebilen han køyrde vart rekvirert av IR 11 i 1940, og Karl V Jørgensen melde seg då straks friviljug til sjåførteneste. «Når dei reiser med bilen, får eg reise, eg og,» skal han ha sagt.

I Romsdalen fekk han i oppdrag å frakte mannskap og materiell opp gjennom Romsdalen. Fleire sykkylvingar var med på dette. Ein av dei som var saman med Karl V Jørgensen då han fall, fortel det slik:

VI var komne opp til Sogge bru. Flyalarmen gjekk, og det kom ei heil sveit med tyske fly. Vi stoppa bilane og sprang til skogs for å beskytte oss. Bomber eksploderte og kulene slo i marka på alle kantar. Karl Jørgensen vart litt etter oss andre. Flya sleppte fleire bomber, og han vart då råka i brystet av bombesplintane. Då åtaket var over, vart han køyrd til Åndalsnes, og døydde på hospitalskipet der, 25. april.

Karl Vilnes Jørgensen vart gravlagd ved Vatne kyrkje, og under stor dramatikk. Mykje folk var



frammøtt, også frå Sykkylven. På veg frå Tennfjorden til Vatne vart gravfølgjet angripen av eit tysk fly med maskinvåpen, og måtte kome seg i skjul. Det same tok seg opp att på kyrkjegarden.

Ved Vatne kyrkje reiste bygdefolket ei støtte på grava hans, 17. mai 1945. Seinare er det oppsett endå ein minnestein på same staden, der også Karl Vilnes Jørgensens namn er med.

SYKKYLVEN I KRIGSÅRA

Mat-auk

Krigsåra var ei vanskeleg tid for mange, men at tilhøva her i bygda var svært vanskelege, vil knapt nokon kunne hevde. Få eller ingen i bygda svalt. Produksjonen av matvarer tok seg opp, og mange gardbrukarar hadde difor bra forsyning med mjøl, mjølk, kjøt og flesk. Og mange av dei som ikkje åtte jord, fekk alltid låne seg ei bot, eller dei greidde på annan måte å skaffe seg noko i tillegg til det dei fekk kjøpe på rasjoneringskorta.

Allereie våren 1940 kom det oppmoding frå styresmaktene og jordbruksorganisasjonane om at bøndene burde auke matproduksjonen. Heradsagronom Ola Tandstad og skulestyrar Aas frå Gjermundnes reiste rundt i bygda og talde til at folk måtte prøve å dyrke kveite. Dette var nokså nytt her på våre kantar, men det gjekk utruleg bra. Den heimeavla kveiten heldt fin kvalitet, og når han vart blanda med det såkalla «krisemjølet» som ein fekk kjøpt på rasjoneringskorta, vart brøda gode. Etter reglane kunne kvar gardbrukar få bruke inn til 50% av mjølmengda si med heimeavla korn. Kontroll var det på mange kantar: Kontroll med arealet, kontroll ved treskinga, kontroll ved malinga. Kvernane (også dei gamle kvernhusa) skulle vere plomberte. Nokre få kvernar hadde løyve til å male, og berre mot tilvising. Men smothol var der, og dei vart nytta.

Mangelen på mat gjorde at prisane på jordbruksvarer steig, og gav ein føremon til dei som kunne produsere slikt, enten dei ville selje eller byte i andre varer. Rett nok var det tvangslevering til såkalla maksimalprisar, men dei fleste la vel til sides ein del til privat bruk. «Svartebørs:» var det derimot ikkje alle som befatta seg med. Men at dette måtte vere freistande er klårt når vi veit at kiloprisen på egg og smør kunne vere 20–30 kroner, samtidig som ei vanleg timeløn var mellom 1 og 2 kroner,

Eit anna jordbruksprodukt, men som og mange andre enn bøndene dyrka, var tobakksplanter. Dei mest nikotinhungrige røykte blada, så å seie rett frå åkeren, men det vanlege var å sende dei tørka plantene inn til tobakksfabrikkar, som laga

dei om til ferdig røyketobakk eller sigarettar. Ved sida av mat, var dette den gjæveste handels- eller bytevara som fanst under krigen.

Industrien

Møbelproduksjon var ein viktig næringsveg i Sykkylven før krigen, og kunne ha ekspandert vidare i krigsåra, om det ikkje var for mangelen på råvarer. Mange nye småbedrifter kom til. Som regel vart det innreidt lokale i kjellarane på våningshusa, og ei stund vart det sagt (med ei viss overdriving) at det var møbelfabrikk i annakvart hus i Sykkylven.


Råvarer i vanleg forstand fanst mest ikkje. Møbelstoff vart det heilt slutt på. sameleis fjører og vanleg stopningsmateriale. Bjørk og furu—plank til grindar kunne skaffast, noko verre var det med lakk og lim. Så vart møblane stoppa med tre-ull og trekte med papirstoff. Produkta var, etter si tid, brukbare, og kunne seljast til gode prisar.

Forsyningsnemnda og rasjoning. Varemangel

Hamstring var eit velkjent ord i krigstida. Då krigen braut ut i 1940, og folk forstod at det kunne bli vanskar med tilførsler utanfrå, vart det rift om matvarene som var på lager. Men handelsmennene hadde fått pålegg om å dele på det dei hadde, og ikkje selje i store kvanta. Det vert fortalt at på Aure hadde ein mann sikra seg ein 50 kg-sekk med havregryn, og hadde alt fått han ut på sleden sin. Då han skulle betale, var det tvert nei. Han måtte fint bere sekken tilbake til lageret og nøye seg med eit par kg av den ettertrakta vara. Ein annan mann hadde ei heilt anna innstilling. «Ta det med ro. godt folk.» sa han. «Skal vi svelte, så skal vi svelte i lag.»

Det er greitt at skulle ein få til ei rettferdig fordeling, måtte det eit kontrollsystem til. Difor fekk vi rasjoneringskort, først på vanlege matvarer som mjøl, sukker og kaffi, men etter kvart på alle slag matvarer, klede, sko og forbruksartiklar. Til slutt galdt det praktisk tala alt som kunne kjøpast, til og med så trivielle artiklar som B-såpe og kaffi-erstatning. Rett som det var fekk ein ikkje ein gong dei matvarer ein skulle ha på korta. Ole Ellefsen i UUavika selde margarin, men det var slett ikkje alltid han hadde noko på lager. Når han så fekk ei tildeling, frettest det fort, og folk strøymde til. Det galdt å vere snar, det var usikkert kor langt det ville rekke.

Til å administrere ordninga med rasjoneringskort, vart det tilsett ei forsyningsnemnd i alle kommunar. Her i Sykkylven var nemnda på 4-5 personar, og dei heldt til i det gamle Roaldhuset i Aure sentrum. For kvar periode reiste dei ut til krinsane for å dele ut rasjoneringskorta, men dei hadde og folk til å hjelpe seg somme stader i bygda. Det vart etter kvart eit omfattande system med merke i mange fargar å halde greie på. Tungarbeidarar kunne få ei lita ekstratildeling av mjøl og feitt, og dei som var så «heldige» å bli sju-



Rasjoning skort frå krigsåra. Ein kunne slett ikkje vere sikker på å få varer sjølv om ein hadde kort. Det var stadig lange køar i butikkane, og ofte utselt. Somme tyrer, t.d. kaffi og sjokolade, fanst ikkje i det heile.

ke, kunne, etter lækjarattest, få nokre hekto med reint kveitemjøl. Sko fekk ein kjøpe ein sjeldan gong, og då etter særleg søknad.

Kvaliteten på dei varene som var i handelen, var berre måteleg. Plagg av bomull var snart ikkje å oppdrive, heller ikkje skikkelege lerskor eller gummistøvlar. Slik som med matvarer, kom den best frå det som kunne drive litt naturalhushald. Lukkeleg var den som kunne få tak i ei kuhud eller eit kalveskinn.

Folk tok opp att kunsten med å barke og tilberede huder, og hadde då godt materiale til skor og støvlar. Her var fleire flinke skomakarar i bygda, som laga pene ting. Elles var det mange som nytta treskor. Tungt og klampe te å gå i, men så lenge dei var heile, var dei godt brukbare når ein fekk halde seg nokolunde i ro.

Elles hadde dei fleste gardbrukarar sauer og dermed ull. så rokk og vevstol stod framme i nær sagt kvar manns gard. «Naud lærer naken kvinne å spinne»¹, heiter det. Folk var oppfinnsame. Gamle klede vart oppsprette og oppattsydde med vranga ut. Ein møbelfabrikk fekk inn eit parti med grovt, stripe te lerretsstoff. ein rustraud og ein grå variant. Det skulle brukast til trekk på møblar. Men folk fekk kjøpe av stoffet til rimeleg pris, og snart gjekk «halve bygda» i nye skjorter, rustraude eller grå.

Forsyningsnemnda fekk også den lite populære jobben å skrive ut varer til tyskarane, t.d. poteter og høy.

Kvantumet vart pålagt etter den jordvidde kvar gardbrukar hadde. Men det var alltid eit problem å få varene leverte. For det første var avlingane små, og for det andre var det ikkje tyskarane ein ville tilgodesjå om ein hadde noko til overs.

Ei skute var komen til Straumgjerde for å hente høy til tyskarane. Det var nok ikkje førsteklasses kvalitet alt som vart levert, men verre var det at kontrollveginga viste at det var så alt for lite. Det vart kvikt og effektivt ordna med at vass-slangen vart påsett og høyet grundig gjennombløytt til dess kilotalet var høgt nok.

Heradstyre og heradsting

Krigen må ha kome nokså uventa på heradstyret dg. I september 1939 (tyskarane hadde gått inn i Polen) vert det referert telegram frå Handelsdepartementet om visse reglar for sal av sukker og kaffi. I mars 1940 er det oppe ei sak om å skaffe lagerrom for ei større mengd med korn, mjøl og kraftfor. Dette er stort sett alt kommunen har gjort for å møte ei eventuell krise, skal ein tru møteboka.

Den 10. april kalla ordførar Ola Tandstad inn til omframmøte. Han opna med andakt, og gjekk så over til saklista. Og no er det tydeleg alvor. Det vert valt ei nemnd, med representantar for alle krinsar, som skulle ta seg av folkeflytting frå Ålesund. Lensmannen får beskjed om å «pålegge alle huseigarar i bygda å sløkkja alle utelampar og blenda alle glas for inneljøs frå myrkning til ljøsning.» Dei innsamla midlane til hjelp for Finland skal førebels disponerast av kommunen.

Den 13. april er det nytt møte (formannskapet). Det vart vedteke å setje ut ei to-mannsvakt

på Hauneset og på Jarnes-haugen kvar natt frå kl. 22.00 til kl. 6 om morgonen. Vaktene skulle varsle til lensmannen om eventuelle fly eller skip som måtte syne seg. (Slike vakter vart utsette andre steder og, t.d, på Kursetneset og på Aursneset.)

20. april er det nytt møte. Av viktige saker denne dagen kan nemnast brannvern og redningssteneste, dessuten organisering av hjelpearbeidet med naudhjelpstasjon, «førstehjelp og sjukeberarar,

30. april: Val av luftvernsnemnd. Luftvernsnemnda skulle syte for at det vart varsla med sirene så snart fly var i nærleiken. To mann vart valde til å stå vakt ved sirena på Aure. Så skulle det leggjast plate over murane til P. O. Vad slik at dette kunne nyttast til tilfluktsrom. Arbeidet burde utførast som gratisarbeid av arbeidsledige i kommunen. Soknerådet vart oppmoda om å ta vare på dei verdfulle eignalutane i kyrkja, slik at dei ikkje vart øydelagde under eventuelt luftåtak.

Både 1940 og nesten heile 1941 går utan at ein kan merke noko innblanding frå dei nye makthavarane i landet. Men i desember 1941 kjem ei sak: Om løyving til abonnement på «Fritt Folk.» Etter pålegg skal alle kommunale tenestemenn halde bladet frå 1/1-1942, og det vert løyvt kr. 150,- til føremålet.

På møte i januar 1942 takka Ola Tandstad av som ordførar. Han gav ei utgreiing om grunnen til at han ikkje ønskte å bli ståande lenger. Han takka alle medlemene for framifrå godt samarbeid og uttala sitt ønskje om Guds rike signing over sykkylvsbygda og folket. Varaordføraren og medlemene takka så ordførar Tandstad for godt samarbeid, og fleire uttala ønskje om å bli fritekne som medlemmer. (Etter referatet i møteboka \.

I eit notat har Ola Tandstad gitt nokre opplysningar som fortel kva som gjorde at han gjekk av som ordførar: «Tvo gonger søkte ordføraren å bli friteken for ordførarvervet, men det var blankt avslag, då han ikkje hadde gyldig grunn. Så var det ein ting å gjere: Halde det gåande så lenge det var råd. I desember 1941 vart ordføraren kalla inn til forhør av NS. Det galdt å overtale han til å halde fram som ordførar. Dei prøvde både med smiger og gylne lovnader om ei stor og rik framtid, men alt til fånytt. Siste akt forma seg slik:

NS: «Førarprinsippet er den nye tids prinsipp Vi må ha ein førar å sjå opp til og alle ordrar frå han må lydast, elles går alt i oppløysing.»

Ordføraren: «Eg er samd i førarprinsippet — men på eitt vilkår — (pause) —. Og vilkåret er at eg sjølv får velje min førar. Og eg har valt han. Han heiter Jesus Kristus. Så får NS ha sine førarar for meg. Takk for meg!»

Dermed gjekk ordføraren. Det var hans siste ord til NS.

Det gjekk enno ei tid, og først 27. januar 1942 kom svaret: «Til vitring vert meldt at Innanriksdepartementet har løyst Dykk frå ombodet som ordførar i Sykkylven. . .»

Ordføraren og varaordføraren skulle ikkje lenge vere folkevalde, men utnemnast av Innanriksdepartementet. Ved sida skulle dei ha nokre såkalla formenn, men desse skulle berre vere rådgivarar, utan røysterett. Det var ordføraren som bestemte. Forsamlinga skulle kallast heradsting. Denne ordninga vart altså innført i Syk-



Arbeidsteneste-jenter attmed ungdomshuset i Straumgjerde sommaren 1943. Ordninga med Arbeidsteneste (AT) kom i gang alt i 1940, og gjekk ut på at ungdom (helst gutar) vart utskrivne til teneste i jord- eller skogbruk. Fleire frå Sykkylven måtte vere med, dei fleste i Trøndelag. Etter at leiinga i Heimefronten hadde sendt ut parole om boikott i 191,1,, vart det stort sett slutt. Sykkylven fekk tildelt ei tropp på om lag 25 jenter. Dei fleste var frå Trondheim, var dugande og arbeidssame, og tar såleis til god hjelp for mange gardbrukarar. Dei budde i ungdomshuset i Straumgjerde. Leiarane, som var NS-folk, hadde visse problem med å hulde styr på dei i fritida, vert det fortalt.

kylven i januar 1942. om lag eit år etter at dei fleste andre kommunar var «nyordna».

Etter dette skulle ein tru at møta i det nye «heradstinget» skulle vera sterkt prega av NS sin ideologi og nazistiske tenkjemåte. Ei gjennomgåing av møteboka frå januar 1942 til mai 1945 viser at det ikkje er tilfelle. Av nokre hundre saker frå 1942 til 1945 er det berre 4-5 som kan seiast å vere politisk «betente». Det gjeld slikt som oppnemning av ein NS-medlem til å vere med i fattigstyret, oppnemning av ein bygningsmessig sakkunnig for tyskarane, løyving til ei NS-bok og NS hjelpeorganisasjon. Litt komisk er det når heradstinget har for seg ei skattesak i desember 1944. Kort og konsist vert det slått fast at nokre skattyttarar «har reist til utlandet», og skatterestansane er difor «uerholdelige». Så følgjer ei liste over 8 personar som seinare vart kjende som «englandsfararar.»

Ved freden. 8. mai 1945, vart sjølvsaagt «ordføraren» og «heradstinget» avsette, og Ola Tandstad vart på nytt innsett som ordførar. Til dess nytt val kunne haldast, oppnemnde så ordføraren 4 formannskapsmedlemer. Dei hadde første møtet sitt 26. mai 1945.

Om nazistar og radiolytting

Når det galdt påverknad eller plage frå nazistar og NS-folk, kan vi knapt sei at det var vanskelege tilhøve i Sykkylven under krigen. Dei få nazistane og NS-folka i bygda var stort sett rimelege og kunne knapt kallast særleg «farlege». Det er såleis heilt klårt at fleire av dei visste om såkalla «illegale» tilhøve, utan å melde frå til styresmakterne om det. Hadde vi hatt verkelege angivarar i

bygda, ville mangt vore nokså mykje annleis. Rett nok vart fleire av fedrene til englandsfararane innkalla til forhøyr, men dei slapp fri etter at dei hadde forklart seg. Eigedomane deira vart kverrsatte og i namna overtekne av Staten, men det hadde lite å sei. Eigarane budde i husa sine og dreiv gardane sine som før. Og historia med dei åtte engelskmennene som vart hjelpte ut av landet frå Gjøveneset, kunne, under andre omstende, fått forferdelege konsekvensar. Når det gjekk så bra som det gjorde, er det sjølvsaagt varsemda og dugleiken til dei impliserte å takka, men og det faktum at ingen rapporterte til tyske styresmakter,

Illegal radiolytting er eit anna område som kunne vere livsfarleg. Ulovlege radioar fanst over heile bygda, og nokså openlyst mange stader. På fleire fabrikkar hadde dei til og med slått opp store Europakart, der frontlina var markert med pumpespikar, som vart flytte kvar morgon etter at London hadde vore på lufta. Som rimeleg kan vere var ikkje denne frontlina heilt i samsvar med dei tyske kommunikea som stod å lese i Sunnmørsposten.

Nokre gonger var det rassia etter radioar eller andre illegale saker, t.d. våpen. Men det er ikkje kjent noko tilfelle frå bygda, der eigarane av slike saker vart tatt. Våpena var gjerne vekkgøymde i utlør eller på setra, og radioane fekk folk unna i ein fart, for oftast gjekk ryktet i førevegen når tyskarane kom. Ved eit par høve heldt det likevel på å skulle gå gale, Tyskarane gjekk rett på hus der det verkeleg brukte å stå radio framme, og dei verka svært så lokalkjende då dei leitte. Reint tilfeldig var radioane ute av husa. så «lukka var betre enn åttaferdene), som folk sa. Det var ved slike høve somme tok til å lure på om det fanst angivarar i bygda likevel.

Det var hausten 1941 det kom påbod frå dei nye maktthavarane at alle radioapparat skulle innleverast. Berre NS-medlemer fekk behalde sine, og sjølv dei hadde strengt påbod om ikkje å lytte på London.

Her i bygda vart radioane innleverte og lagra på mørkeloftet på Sykkylven Hotell. Som stengsel vart oppsett ein vegg av tynne lekter og netting, og det gjekk ikkje lenge før nokon fann ut at det gjekk lett an å ta seg inn gjennom denne veggen, og ta ut sin eigen eller andre sin radio. Etter kvart vart dette ein velkjend sport, folk gjekk freidig inn på høglys dag og tok det dei trong. Lageret minka, og det kunne bli alvorleg fare på ferde om det vart oppdaga. Lensmannen hadde ansvar for lageret, og ein av dei som hadde tatt tilbake radioen sin, fekk beskjed av lensmannsfullmektig Grønningssæter om at han måtte sette tilbake radioen sidan det skulle vere kontroll. Men han måtte gjerne ta han att etterpå. Ein annan som hadde vanka mykje på dette lageret, for til Ålesund, fekk tak i ei mengd gamle, ubrukande radioar og radiodeler, fylte i kasser og sette på plass i staden for dei som var fjerna. Og det gjekk godt. Talet stemte bra. Ingen i Sykkylven vart teken korkje for radiosteling eller radio-lytting. Og det vart lytta på «stemma frå London» på loft og i kjellarar, i fjøs og løer. Folk var reint utrueleg oppfinnsame når det galdt å skjule radioen. Til og med i kyrkjetårnet var det radio ei tid.

Lagsliv

I februar 1941 sende Innanriksdepartementet ut eit rundskriv om at alle lag og foreiningar skulle registrerast. Føremålet var sjølvsaft at NS ville ha kontroll over alle desse organisasjonane, men det var ingen organisert motstand, og registreringane strøymde inn til departementet i tusental.

Første tida gjekk alt lagsarbeid om lag som vanleg både i bedehus og ungdomshus, og somme foreingar hadde sine møte i heimane som no. Og dei kristelegje organisasjonane på lokalplanet fekk vere i fred under heile krigen. Verre var det med det frilynde ungdomsarbeidet og arbeidet i idrettslaga. Nazistytret kravde meir og meir innpass. I 1942 kom det såleis brev frå Noregs ungdomslag, som då var under NS-kontroll, med krav om samarbeid. Ungdomslagstyra i bygda hadde sammøte om saka, og vedtok å rå laga til å leggje ned arbeidet. Og slik gjekk det. Det var ikkje noko organisert verksemd i ungdomslaga resten av krigsåra.

Stillstand vart det og i arbeidet i idrettslaga etter kvart. I november 1941 kom ei «Forordning om norsk idretts organisasjon». All norsk idrett skulle frå no av samlast i Norsk idrettsforbund. Alle idrettslag var nøydde til å vere med, og ingen hadde rett til å leggje ned arbeidet. Svaret kom kontant, frå Sykkylven så vel som frå resten av landet: Det vart full streik. Dermed låg store deler av organisasjonslivet nede, og det kom ikkje i gang igjen fer ut på sommaren 1945.


Prestar og lærarar

Bortsett frå ein person, Johan Eidem, som sat på Falstad nokre veker, var ingen sykkylving arrestert og sett i fangenskap. Og det var ikkje fordi han hadde gjort noko direkte gale. Det er meir nærliggjande å tru at han stod øvst på ei såkalla jøssingliste. Dermed vart han eit høveleg gissel å ta når tyskarane og NS skulle ta hemn fordi lærarane ikkje ville melde seg inn i det nye Lærarsam-bandet.

I desember 1940 sende nemleg statsråd Hagelin ut eit rundskriv der det vart trua med dei strengaste straffer for dei lærarar og andre offentlege tenestemenn som ikkje aktivt støtta det nye systemet. Rundskrivet slutta slik: «Den ringeste form for svikt blir betraktet som statsfiendtlig handling. Drastiske straffer vil heretter ramme enhver fiende av staten». Harde ord, men så godt som ingen ville likevel vere med på nyordninga her i Sykkylven.

Betre gjekk det ikkje då kyrkja skulle «nyordnast».

Biskopane la ned den statlege delen av embete sine i februar 1942, og prost Rude stilte seg solidarisk med dei. Han tok ikkje mot ordinær løn, men det vart innsamla midlar privat, så han fekk ein viss sum kvar månad. Gudstenestene gjekk stort sett som vanleg, og han hadde dåp, konfirmasjon og nattverd, men ikkje vigslar. Denne ordninga varte heilt fram til freden i mai 1945.



Rekvisisjon frå Wehrmacht til Karl P. Velle. Dei skal ha 550 kg poteter, levert til næraste kai, og truar med den strengaste straff om han skulle finne på å ete dei opp sjølv.

Krig i Sykkylven?

Sjølvs om Sykkylven unngjekk alvorlege krigshandlingar, var det ved fleire høve folk fekk merke at også vi hadde fått krigen inn på livet.

Etter midten av april 1940 vart det vanleg at folk vakna om morgonen av duren frå tyske bombefly på veg nordover. Dei var så presise at somme sa at ein kunne stille klokka etter dei. Militære mål fanst sjølvsagt ikkje i bygda, så det som skjedde her, må kallast reine terror-åtak. Ein gong skaut eit tysk fly med mitraljøse mot Aure sentrum. Fjordabåten låg ved kai, og somme meinte at det var den som skulle ha det. Folk rømde unna, og heldigvis vart ingen skadd. Nokre få dagar seinare tok det same seg opp att. Ole Relling, som gjekk og pløgde på garden sin tett ved Aure sentrum, måtte berre kome seg i dekning så fort han kunne, medan kulene peip om øyro.

Fjordabåten, på veg til eller frå Ålesund, var fleire gonger utsett for åtak frå fly. Ein gong vart det sleppt bomber etter han i Storfjorden, og han måtte gå inn til Tusvik. Der vart han liggjande både vel og lenge før han våga seg vidare til Aure.

Sylveig Skurtveit, f. Klock, fortel: «Det var i aprildagane i 1940. Far min, Nils Klock, og eg, som var 8 år då, låg med robåt rett utanfor kyrkja og fiska. Vi hadde med oss hunden vår i båten. Brått høyrde vi ein merkeleg dur i sjøen. Vi forstod ikkje skikkeleg kva det var, men far min sa at det kanskje kom av at dei sprengde bomber lenger ute. Hunden vart svært uroleg og byrja å bjeffe og knurre. Like etterpå dukka det opp eit fly som sette kursen mot oss. Då det var rett over oss, kom det dettande ein gjenstand, truleg ei bombe, frå flyet, og råka sjøen med eit forferdelig plask. Men nokon eksplosjon vart det ikkje.

Vi fann det rettast å kome oss derifrå, og rodde utover til Ullavik-nausta. Flyet var stadig over oss, og medan vi stod i skjul mellom nausta, byrja det å skyte mot oss. Petter Aure, Pil-Petter, som heldt på med noko vårarbeid oppe på marka, kom seg inn i låa og fekk gøyme seg der. Heldigvis vart ingen råka.»

Det vart sagt etterpå at flyet prøvde å råke kyrkja, og det er sjølvsagt ikkje godt å vite. Men at det var ei bombe som fall, er nokså sikkert. Og i alle høve ligg denne «gjenstanden» på sjøbotnen rett utanfor kyrkja, tett attmed der nye-vegen går no.

Heilt i slutten av april 1940 fall det to bomber i Tynes-stranda. den eine rett attmed vegen, og den andre i fjøra.

Brand IV låg i Øggardsvika då, og somme meinte at det var han som var målet. Eksplo-

sjonane var så kraftige at mange glasruter vart knuste i husa på Ty nes. Nokre karar som dreiv på med jordbryting fleire hundre meter borte, datt i koll av lufttrykket. Stålsplintar etter bombene vart attfunne over heile Tynesgarden.

Tyskarane var ikkje å sjå i Sykkylven den første tida. Faktisk gjekk det eit par månader etter at krigen i sør-Noreg var slutt før dei første kom til Ålesund. Utover krigsåra hende det at ei tropp var på gjennomreise her. eller det kom eit par soldatar som skulle rekvirere høy eller poteter. Hytta til Bernt Erstad utanfor Ullavika vart beslaglagd. Der var det stasjonert ei lita gruppe, omkring 10 mann, eit par års tid. Dei dreiv mykje med vedhogst, og fekk vel dette som ein rekreasjon etter å ha vore ved fronten. Dei rak ein del rundt på gardane og ville kjøpe mat, men folk heldt seg stort sett unna dei, så kontakten med bygdefolket var nok ikkje den beste.

Heimefronten

Lensmann Bernt Tandstad hadde drive ein del våpeninstruksjon siste tida før krigen. Han hadde fått utlånt tre maskingevær frå Setnesmoen og dei som var med, fekk mykje vellæte for kunnskapane sine då dei møtte til militærtjeneste i 1940. Dette var den første spiren til heimefront i Sykkylven.

Dei første krigsåra var det ingen slik aktivitet i bygda. Først hausten 1944 var det at Olaf Ellingsen, bankmann i Ålesund, tok kontakt med m.a. Asbjørn og Fridtjof Fredriksen. Ellingsen var engasjert i illegalt arbeid frå før, og ville no prøve å få organisert ei gruppe i Sykkylven. Dei to Fredriksen brørne ordna med øvingslokale på Vestlandske Møbelfabrikk, og etter kvart vart omkring 15 personar med og fekk våpeninstruksjon der. Dei fekk opplæring i å handtere stengun og handgranatar. Skytetrening hadde dei nokre gonger i Blindheimsmarka.

Våpena, som berre var nokre få, var det Ellingsen som skaffa frå Heimefronten i Ålesund. Del vart først gøymde på Vestlandske, seinare på lensmannskontoret. Der var det og oppbevart nokre få, grå helmeffrontuniformer (kjeledressar). Heimefrontmedlemene tok dei i bruk 8. mai 1945, men det var ikkje mange nok til alle.

Fleire av dei personane som var med, hadde vore med i krigen i 1940, og hadde såleis ei viss røynsle med våpen. Elles var det med berre ein person frå kvar huslyd. Alle visste at det var dødsstraff for den som vart tatt for slik illegal verksemd

FRED

Framover våren 1945 vart det meir og meir klårt at tyskarane ikkje kunne greie å halde ut stort lenger. Dei var kringsette på alle kantar, og det landområdet dei hadde att i Tyskland, skrump inn dag for dag. Noko anna og verre var at heile Sør-Noreg framleis var okkupert, og det stod 350 000 veltrena tyske soldatar i landet.

I byrjinga av mai kom meldinga om at Hitler

var død, og ein rekna med at det kunne skje endringar frå time til time 8. mai var det så definitivt avgjort. Tyskarane overgav seg utan vilkår i Tyskland og alle okkuperte område, Noreg medrekna.

Mykje folk samla seg i husa der det fanst radio, og fekk berre stadfest at vi verkeleg var fri etter fem års nazistyre. 8. mai vart det halde takke-



8. mai 1945. Utover dagen vart det kjent at tyskarane hadde overgitt seg, utan vilkår. Flagga gjekk til topps over heile bygda. og folk samla seg der det fanst radioar. Karli Welle sette opp høgtalar på taket av bensinstasjonen på Aure. Foto: P. P. Lyshol.


gudsteneste, og det møtte fram meir folk enn det var plass til i kyrkja.

Og berre få dagar seinare var det 17. mai, som dette året sjølvsgatt fekk ein ekstra glans over

seg. Ingen hadde nokon gong sett eit så langt og gildt folketog og så mange smilande andlet. No-reg var atter fritt!



/ Bastian-garden på Velle var det illegal radio under heile krigen. 8. mai hengde dei ekstra høgtalarar ut gjennom stovevinduget, slik at alle skulle få høyre. Til høgre på biletet frå v. Karl Fet, Nils Johan Drabløs, Fredrik Drabløs. Heilt til venstre Knut Hjorthol (BudaKnut) med sykkel og postsekken på bagasjeberaren.



Brand IV, som her ligg ille tilreidd oppe i fjøresteinane på Tandstad, etter tysk fly åtak. Foto: P. P. Lys-hol.

NOKRE HENDINGAR FRÅ KRIGSÅRA

Med Brand IV

24. april vart Brand IV rekvirert av norske styresmakter til sjuketransport. Kaptein Bernt Fauske hadde eigentleg ikkje papir til å føre båten, men måtte ta på seg ansvaret, då det ikkje let seg gjere å få tak i anna kvalifisert hjelp.

Båten var innreidd med om lag 60 sjukekøyar, dessutan førstehjelps-kontor, dokter- og administrasjonskontor m.m. På ei natt vart heile båten måla kvit, og fekk dessutan store Raude Kross-merke på sidene, på dekk og på skorsteinen. Dessutan fekk han eit Raude Kross-flagg på fortoppen.

Båten gjorde fleire turar frå Ålesund og nordover til Molde og Åndalsnes. Personalet om bord tok hand om sára soldatar av fleire nasjonalitetar: Norske, engelske, tyske og franske. Og alle fekk like god hjelp, enten det var ven eller fiende.

Båten var fleire gonger i eldlina, men Ingen hadde blitt råka, endå både bomber og maskingeværkuler hadde slege ned i nærleiken. Godt merka som båten var, kjende dei seg bra trygge på at ingen ville gjere åtak på dei.

Ny tur til Åndalsnes. Eit par av mannskapet heldt på med å kle styrehustaket med noko takstein del hadde fått om bord i Ålesund. Steinen kunne verne mot maskingeværkuler. Då brått small det! 50 m unna eksploderte ei bombe med eit fælsleg brak. Nei, dette måtte vere eit mistak, tenkte Fauske, båten er godt merka, og vi fer i

fredeleg ærend. Då small det på nytt, og denne gongen nærare, berre 25 m vekk. Tredje gongen kom braket, og denne gongen var det alvor. Det kjendest ut som båten hoppa bortover ei steinur, og det lukta svidd og brent over alt. Glasbitane frå rutene kom piskande innover styrehuset, døra brotna inn og kompasset i taket kom ramlande ned. Det var direkte treff.

Omsider fekk Fauske manøvrere båten inn til ein berghammar, og etter kvart fekk ein oversyn over skadene. Rett nok flaut båten, men mykje var knust og gjort om inkje. Men verst var det at fem menneske var drepne, og nesten alle dei andre var sára. Av dei 25—30 som var om bord under åtaket, var det berre fire som ikkje blødde.

Utpå kvelden kom Brand IV tilbake til Ålesund, og merkeleg nok for eigen maskin. Dei sára vart sende på sjukehuset, og det vart teke hand om dei døde. Over radio vart det meldt om bombeåtaket, og dei som hadde av sine ombord, i Sykkylven og andre stader, ottast det verste.

Og mest som eit under var det då Brand IV dukka opp i Sykkylven utpå natta, herja og medteken, men, trass i alt, flytande.

Det tyske flyet som datt ned i Velledalen

Sundag 28. april 1940 var ein klår og fin solskins-

dag. Krigen i Noreg hadde vart i snart 3 veker, og også i Sykkylven hadde folk fått dei vonde tidene heilt innpå livet: Bortimot eit hundre gutar, dei fleste i 20-års-alderen, var reiste i krigen. Og jamvel om både aviser og radio stadig kom med optimistiske meldingar, måtte alle forstå at det etter kvart gjekk berre ein veg. Tyskarane dominerte snart heile Sør-Noreg.

Som vanleg hadde folk sett seg til middagsbordet omkring klokka tolv denne sundagen, i øvre Velledalen høyrdest brått ei forferdeleg hyling og plystring i lufta. Den som då var lett på foten og kom seg ut i ein fart, fekk oppleve ein syn som knapt kan gløymast: eit fly kom susande i lav høgde ned gjennom Velledalen. Det var frå flyet hylinga kom, og kva nasjonalitet det var, trong ingen tvile på: den svarte hakekrossen på haleroret sa tydeleg frå om det. Men at det ikkje ramla i bakken! Å sjå til strauk det berre så vidt over tre-toppene der det følgde djupaste dalbotnen nedover. Men så såg det ut som det fekk litt meir luft under vengene, gjekk klar telefonliner og høge tre og sigla vidare nedover.

På Hjortdal, i Lars-garden, ligg ei stor og bra slett attelege ovanfor vegen. Kome ned til Brøvoll, svinga flyet litt til høgre, det såg ut som det tok sikte på den store flata. Og no tapte det fort høgde. Dette kom til å ende med ulykke, det styrte rett mot Jetmund-husa på Bruvoll! Nei, husa gjekk klar, men flaggstonga brotna så flisane fauk, det same gjorde tuntrea. Greiner og lauv dreiv til alle sider. Telefonlina med 15—20 streng-er gjekk i same slengen. Eine vengen bak vart av-riven, og like etter tok flyet bakken så mold og stein spruta. Det hadde råka steingarden i bytet mellom Brøvoll og Hjortdal, og like etter la det seg til ro på attelega hans Lars-Knut. To personar sprang straks ut, det var tydeleg at dei var for-kava. Om dei sjølve sette eld på flyet, eller om det tok fyr i nedslaget, er ikkje godt å seie. I alle høve gjekk det berre nokre sekund til svart røyk steig opp frå vraket, og dei to tyske flygarane sprang til skogs.

Folk reagerte på ulike måtar. Dei som var i nærleiken, kom seg unna fortast del kunne, andre, fortelst det, fekk raske med seg noko mat og klede. Og kom seg deretter vekk. Men det var og dei som var så modige, dumdristige sa somme, at dei på sykkel eller til fots i full fart kom seg dit vraket låg. På kort tid var det nok nyfikna som tok over-hand hos dei fleste, og snart vrimla det av folk på marka hans Lars-Knut. Folk trengde på omkring det brennande vraket, så nær som ein berre kunne kome for varmen. Men ingen ting kunne reddast av det som måtte ha lege att i flyet, varmen var for sterk. Ein av dei første som kom til, Ottar P. Hole, greidde likevel å berge ut m.a. ein fall-skjerm, ein kikkert og noko verkty.

To engelske jagarfly hadde krinsa over Velledalen medan dette stod på. No såg dei ut til å vere fornøgde og strauk sin kos nordover.

Brått var det nokon som ropte: Det kan vere bomber i flyet! Og alle forstod at var det verkeleg bomber, så ville dei eksplodere i den svære varmen. Og folk kom seg eit stykke unna. Men då ingen ting hende, var det snart same stimlinga som før.

Brått høyrdest eit skot! Ei kule plystra gjennom folkemengda. Den urolege og nervøse folke

mengda skvatt til. Kvar kom skotet frå? Så viste det seg at ein kar hadde fingra med eitt av våpena som låg att etter flygarane, og dermed var det gjort. Utruleg nok var det ingen som fekk så mykje som ei skramme av kula.

Som nemnt hadde flyet kutta alle telefonliner då det datt ned, og det var difor uråd å varsle lensmannen eller militære styresmakter pr. telefon. Hjalmar Brunstad Var ein av dei få som hadde førarkort i Velledalen den gongen, og han køyrde så fort han kunne til Aure og fekk varsle lensmann Bernt Tandstad. Han rykte straks ut, og tok opp jakta på tyskarane saman med fem skyttar-lagsmedlemer. Dei fekk sjå tyskarane så aller snarast då dei gjekk over ein vedhogster ovanfor Hjortdalsgjerdet. Men seinare greidde dei å halde seg gøymde. Ut på ettermiddagen kom det ein buss med kanadiske soldatar frå Ålesund og skulle hjelpe til. Men heller ikkje dei fann nokon, og dei fleste reiste ut att om kvelden. Sju av dei vart att og skulle hjelpe lensmannen i den vidare ettersøkinga.

Det vart ei utrygg natt for folket i Velledalen. Det vert fortalt at det var dei som for første gong i sitt liv sytte for å stengje dørene i stabbur og våningshus, og elles var oppe om natta for å sjå om dei fekk ubedne gjester.

Lensmannen organiserte vakthald ymse stader i Velledalen og Straumgjerde, helst i vegkryss og på bruer. Dessutan skulle nokre personar patruljere vegane på sykkel. Ved midnatt vart det rapportert at to framande personar, truleg tyskarane, gjekk over Valla-brua. Lensmannen rekna med dei ville ta seg utover til Straumsheim, og forsterka difor vakthaldet der. Kl. 4.30 kom det melding om at dei gjekk over Straumsheimelva (brua til idrettsplassen i og heldt fram oppe på Skjorabakkane mot Riksheim. Lensmannen og dei kanadiske soldatane rykte straks ut. Då dei kom inn til Purkeneset, fekk dei sjå tyskarane i snøen ovanfor Bendik-plassen. Dei køyrde då ut til Gyljane og gjekk i stilling ovanfor husa til Tomas Riksheim. I 9-tida kom tyskarane gåande, og på 200 m hald opna kanadiarane eld, men utan å råke. Tyskerane kom seg unna, og spora viste at dei hadde stroke til fjells. Lensmannen og soldatane sette etter, og oppe på Reinen, attmed ein stor stein, vart dei tekne til fange, utan å gjere motstand. Dei var visst berre glade til, trøytte, svoltne og forfrosne som dei var.

Vel nedattkomne, fekk alle ta inn hos lensmann Tandstad til frukost. Der sat dei saman, vener og fiendar, og fekk Mg eit skikkeleg måltid etter strabasane om natta. Turen gjekk så om formiddagen til Ålesund.

Det høyrer med til historia at to døde tyskarar låg att i flyvraket. Om dei omkom i havariet eller var drepne før, er uvisst.

Nils Grebstad var lensmannsbetjent då, og saman med Ivar Åse og Trygve Lied fekk han i oppdrag å hente dei to tyskarane. Dei tok med seg dei forbrende lika i ein presenning, og på lastebil vart dei køyrde til Aure og nedsette på Sykkylven kyrkjegard. Prost Rude heldt ein tale ved grava. Berre nokre få personar var til stades. Seinare, under krigen, tok tyskarane del opp att og flytte dei herifrå.

Om lagnaden til dei to overlevande er det ikkje

mykje meir å fortelje. Dei vart straks sende som krigsfangar til England, og dei har truleg reist med DS Borgund, som drog frå Ålesund 1. mai med 13 nordmenn og om lag 30 tyske fangar. Det har til no ikkje lukkast å få stadfest dette, men i fall det er rett, er det ikkje utruleg at ein eller begge er i live. Dei må i så fall vere på om lag same alder som dei soldatane som var ute på norsk side i 1940, altså om lag 65-70 år.

Vraket av flyet, eit Heinkel 111 to-motors bombefly, vart liggjande lenge på marka der det hadde falle ned. Det vart ein kjær tilhaldsstad for unggutar framover sommaren. Der var banking og skruing frå morgon til kveld. Og einskilde «verdfulle» ting, m.a. tyske og danske myntar, kunne ein slumpe til å finne. Elles minka vraket litt om senn. det var mange som ville ha seg eit minne. Til slutt vart restane køyrde nedom vegen og lagt i ei steinfylling. Men i lang tid viste ei stor svart bot der vraket hadde lege.

Det bør nemnast at Ålesund vart hardt bomba av tyske fly dagen før dette hende, laurdag 27 april. Same dagen som flyet styrta, altså sundag 28. april, var det Molde og Kristiansund sin tur. Store tyske flystyrkar var på vengene, og det var nettopp flytypen Heinkel 111 som vart mest brukt. Velledals-flyet kan såleis godt ha vore med på desse toktene, men dette vert sjølvsagt berre gissingar, sidan det ikkje har vore råd å få det stadfest.

Engelske soldatar i Sykkylven

Fortalt etter opplysningar frå Ole C. Brunstad og Sivert Gjævenes.

Krigen i Sør Noreg var slutt, og dei fleste soldatane i vår bygd hadde kome heim att. Det var ut i mai månad, truleg den 12. Ole C. Brunstad hadde vore ein tur til byen, og hadde der fått greie på at ein båt låg klar og skulle dra til England. Då han kom heim att ut på dagen, kunne folk fortelje at 8 engelske soldatar hadde reist nedover Velledalen. Dei ville kome seg ut til kysten og derifrå prove å kome seg heim att, hadde dei sagt. Ole C. Brunstad meinte då at han måtte gjere det han kunne for å sette dei i kontakt med englandsfaraane i Ålesund. Så fekk han med seg morbror sin, Olaf Brunstad (Tøsten-Olaf) som kunne engelsk, tok lastebilen og køyrde til Hundeidvik. Der vart det fortalt at Jens Gjævenes, saman med Martin Utgard, hadde tatt dei om bord i motor-båten sin og hadde skyssa dei over fjorden og til Barstadvik. Dei to velledalingane saman med Sivert Gjævenes og Josef Midtgård sette så etter dei i båt for å nå dei att. Då engelskmennene ikkje var å sjå på Festøya, fann Josef Midtgård seg ein sykkel der og sykla så fort han kunne til Barstadvika for å sjå etter dei der. Han fekk kontakt med dei, men visse problem var det. Dei var redde, og trudde at dei var lokka i ei felle. Dei tykte det var rart at dei skulle vende innatt no, som dei var på veg ut mot kysten. Til slutt gjekk dei likevel med på å vende tilbake til Festøya, men dei hadde revolverane sine klare heile tida.

Det store spørsmålet var kvar dei skulle gjere av rømlingane. Enden på visa vart at Sivert Gjævenes fekk avtale med folket på Skarbøen (i Hjørundfjorden) om at dei skulle få vere på setra dei-ra så lenge. Dette gjekk bra ei tid. Karane låg

trygt, men problem var det sjølvsagt å skaffe mat til ein slik flokk. Sambandet til Skarbø-setra ordna dei på den måten at dei la ut eit kvitt laken på Gjæveneset. Då kom karane ned i fjøra, og fekk ta mot mat og utstyr frå hi sida av fjorden. Fleire, både i Velledalen og Hundeidvik, hjalp til med dette.

Men så ei helg kom Turistforeininga i Ålesund på fjelltur, og dei oppdaga framandkarane. Same kveld kom det beskjed frå Ålesund om at dei måtte flyttast. Så var det berre å få dei over fjorden att. Men ingen våga å ha dei i hus, og Jens Gjævenes tok dei difor med ut i stranda mot Hjørund-fjorden til ein stad som heiter Lø-gylet.

Der ordna dei seg med lauvhytte til å bu i, og folk bar til dei mat dagleg. Ikkje minst Otto Bakke, som var handelsmann, måtte stå for ein god del av forsyningane. Ein bolk, medan det var dårleg ver, fekk dei flytte inn på Gjæveneset, der dei fekk halde til i revehuset.

Men å få karane over til England, viste seg å bli vanskeleg. Dei hadde no vore i området i tre veker, og det er berre rimeleg at dei personane som hadde stått sentralt i hjelpearbeidet, byrja å kjenne at jorda byrja å brenne under føtene. Det var dødsstraff for å hjelpe fienden.

Ole C. Brunstad tok ein tur til Ålesund igjen, og etter mykje arbeid fekk han kontakt med skipper Elias Standal. Han åtte motorbåten Skagen, og var viljug til å gå på visse vilkår. M.a. vart det skrive kontrakt på at han skulle ha 1000 pund av engelskmennene etter at dei var overkomne. Desutan måtte det kjøpast utstyr og utrusting for turen til 2—3000 kr. Desse pengane betalte Ole C. Brunstad av eiga kasse.

MB Skagen kom til Gjæveneset til avtalt tid. Ole C. Brunstad var med som kjentmann, og Jens Gjævenes førde dei ut til motorbåten i færingen sin. Dette var 12. juni 1940. Engelskmennene hadde då vore i Sykkylven (medrekna tida på Skarbøsetra) i om lag fire veker. Turen gjekk, ikkje til England, men til Færøyane, og derifrå kom engelskmennene seg vel heim att.

Dei 8 engelskmennene som vart berga på denne måten, hadde hatt ein lang og strabasios tur før dei kom så langt som til Sykkylven. Dei hadde opphavelig kome til Åndalsnes, og deretter vore med i kampene i Gudbrandsdalen. Der kom dei bort frå eigne styrkar, og gjekk over fjellet til Sogn. Så vende dei nordover til Nordfjord, hadde gått over Jostedalsbreen, ned Hjelledalen til Sunnlyven. Så kom dei over Stranda til Velledalen og vidare til Hundeidvik. Flokken hadde opphavelig vore på 16 mann, men i Nordfjord hadde dei delt seg då dei måtte skyte seg gjennom ei tysk sperring. Sjefar for dei 8 soldatane som kom til Hundeidvik var L. G. Dlxon (militær grad ukjend) og captain Cox. Dei hørte til 1st Batallion, The Sherwood Foresters.

Dei som hadde vore med og hjulpet engelskmennene, hadde ikkje gode dagar etterpå. Plakatar som byrja med «Skutt blir den som. . .» vart etter kvart nokså velkjende. Heile bygda visste om at engelskmennene hadde teke vegen til Hundeidvik, men sjølvsagt var det berre dei få innvigde som visste om det store hjelpeapparatet som vart sett i gang. Før dei for, skreiv engelskmennene opp namn og adresse på hjelparane sine på små pirlappar som det var meininga å svelje om dei



Det norske flagget vart eit kjært symbol under krigen. Her frå ein fest for lærar Johan J. Brunstad i 1941 på Dravlaus skule. 1901 var året då han tok til som lærar der. Foto: Lars Hole Drablas.

vart fanga. Sjølv sagt var dette ein stor risiko å ta. Kom ein slik lapp i dei rette hender, var spelet tapt for hjelparane og.

Utpå hausten korn det fin flokk tyskarar som skulle til Hundeidvik for å undersøkje saka. Den som truleg redda situasjonen, var lensmannsfullmektig Grønningsæter, som heile tida stod på bygdefolket si side, og som hjelpte fleire som kom i knipe. Til tyskarane gav han opp namn på folk som slett ikkje hadde vore med på noko, og som heller ikkje kunne gi opplysningar. Elles varskudde han frå til andre i Hundeidvik at tyskarane var på veg utover, og at dei berre måtte ta mot dei på beste måte. Noko oppklaring på kva som hadde skjedd, kom ikkje før etter krigen.

Etter krigen fekk Jens Gjøvenes helsing frå ein av engelskmennene. Han kunne fortelje at dei etter heimkomsten vart sende ut att i krigen. Tre eller fire av dei hadde falle, visstnok i Burma. Frå militære styresmakter i England fekk han diplom med takk for innsatsen. Diplomet var underteikna Air Chief Marshal Deputy Supreme Oommander, Allied Expeditionary Force 1939-1945.

Engelsk fly åtak

Det var i slutten av mars 1945. MB Skopshorn, 38 fot, var på veg innatt frå feltet for å levere fangsten etter ein vellukka tur. Om bord var eigarane, brørne Hilmar, Kristian og Jens Kurseth, dessuten Jakob Midtgård og Ole Utgard, 20 år, frå An-

dersgarden. Då dei vel var komne inn for Tueneset, kjem det brått tre fly strykande i låg høgde over Sula. Det barst laust med skyting og spektakel. Det tyske batteriet på Tueneset spela opp. det var som om lufta skulle rivne av granateksplasjonar og salvane frå mitraljøsene. Mannskapet, som hadde halde på med å ordne fangsten, sprang under dekk og la seg flate på dørken. Berre Hilmar vart att, han stod til rors.

Brått slår ein salve frå flya ned i båten så treverk og vegn blir splintra og spjæra, og det vert ei risting og skaking, så dei ei stund trur at båten skal gå ned. Men merkeleg nok held han seg flytande. Litt om senn stilnar det av, og dei kan berre slå fast at båten er ille medfaren. Men verre er det at blodet renn frå to mann, dei er begge hardt sår. Verst medfaren er 20-åringen Ole Utgard. Han døydde truleg før dei kom seg inntil den tyske kontrollstasjonen og fekk hjelp. Jens J. Kurseth, som hadde fått ein splint i brystet, vart teken hand om og send til sjukehuset. Etter tre veker vart han heimsend, framleis med splinten i kroppen, og den ber han på den dag i dag. MB Skopshorn vart reparert og kom i drift att, men Jens J. Kurseth sette aldri meir sin fot om bord i den båten.

Tyskarar i Hundeidvik

Etter opplysningar frå Jens J. Kurseth og artikkel i Tidsskrift for Sunnmøre Historielag, 1981.

Det var 10. mai 1M5. Då folk på Kurseth stod opp denne morgonen, merka dei at det var framandfolk og ein framand færing i båtstøa attmed naustet hans Bernt Kurseth. Eigaren fekk med seg Hilmar Kurseth og gjekk ned for å finne ut kva dette var. Det viste seg å vere to tyskarar, og dei hadde kome til Kurseth om natta og sove i naustet til frampå morgonen. Litt norsk kunne dei, og forlangte å bli skyssa med båt inn på Lekneset. Thomas Midtgård hadde ein liten motorbåt og gjekk med dei same morgonen. Så langt var ikkje historia særleg dramatisk, og heller ikkje så mykje å minnast. Men dei som hadde vore i kontakt med tyskarane, hadde mistanke om at her var det noko som ikkje stemte. M.a. hadde dei merka seg at tyskarane hadde våpen, og dessutan var det meir enn merkeleg at to tyskarar kunne vere ute og reise no etter at krigen var slutt.

Svaret kom same dagen. Frå Lekneset vart tyskarane ferde i robåt over til Sæbø, der lensmann Martinus Riise med folk frå heimefronten i Ørsta stod og venta på dei. Saman gjekk dei opp på kommunehuset der det var meininga å avvæpne dei. Etter dette utvikla historia seg både dramatisk og tragisk. Inne på eit kontor opna den eine tyskaren eld med revolver, og råka både lensmann Riise og to avheimefrontkarane før dei rakk å uskadeleggjere han.

Både lensmann Riise og den tyskaren som skaut, døydde kort tid etter av skadene dei fekk, dei andre greidde seg. Etterpå kom det fram at tyskarane hadde rømt frå militærforlegninga på Vigra dagen før. I kleda til den eine fann dei eit kart der det var innteikna reiserute frå Vigra til Hundeidvik, Trandal, Leknes og Sæbø, der lensmannsgarden var avmerka med eit kryss. Dette kunne tyde på at ugjernainga var planlagd. Saka vart elles svært dårleg etterforska, og det kom ikkje fram opplysningar om kva som kunne vere motivet for ugjernainga.




Det er fred! Lurlåt, 8. eller 9, mai 1945. Frå venstre fremst: Jena Gjersdal, Olav Hatlemark, Ingvald Hjellegjerde. Dessutan kan ein sjå Leonhard Hole, Torbjørn Aasen, Lars Myhre. Bussen har generator for vedgass, og ein sekk med "knott" på taket. Personen i forgrunnen t.v. er ukjend. Foto: Bjarne Muldal



V-teiknet vart mykje brukt av jøssingar under krigen (V = Victory, siger), Bokstaven V vart til og med brukt som pausesignal frå London (...—). Frå ein sommarfjøs nedanfor Fikja-brua. Foto: Lars Hole Drabløs.



Frå 1. april 1941 møtte alle personar over 15 år ha legitimasjonskort med bilete og stempel. Det måtte framvisast når politi eller tyske styresmakter kravde det.



DETTE LEGITIMASJONSKORTET
ER UTFERDIGET AV POLITIET
ETTER NØYE PRØVELSE AV
INNEHAVERENS IDENTITET
KORTET ER GYLDIG FEM ÅR
FRA UTSTEDELSE
FOR KORTET ER BETALT
KR 1,00 – 0,50